

# Trolltunga city

## *Ein analyse av Odda - ein mangesidig turiststad*

Kristian Valen



Masteroppgåve i museologi og kulturarv

MUSKUL4590

30 Studiepoeng  
Vår 2018

Institutt for kulturstudium og orientalske språk  
UNIVERSITETET I OSLO



# Trolltunga city

Ein analyse av Odda – ein mangesidig turiststad



© Kristian Valen

2018

Tittel: Trolltunga city

Forfatter: Kristian Valen

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo

# Samandrag

Denne oppgåva tek føre seg å vise korleis Odda i Hardanger blir presentert til norske og internasjonale turistar. Eg går diskursivt til verks for å finne ut kva Odda som blir presentert. Spesielt går eg inn på omgrepa natur, kultur og industri og ser på korleis desse er i samspel i Odda. Odda er ein stad som er definert av dei høge fjella som ligg rundt, samt fjorden som ligg i botn av dalen. Sentrum er prega av industrireisinga på 1900-talet. Det er fleire store fabrikkar og vasskraftverk i Odda og Tyssedal. Nokre av desse er framleis i drift, medan andre er ute av drift og verna som kulturarv.

Odda er ein turiststad som definerast av Trolltunga, «utspringet som kjemper mot naturkreftene», ei steintunge som ligg over Ringedalsvandet, opp frå Tyssedal. Det er ein av Noregs største turistattraksjonar, med 100 000 besøkande i 2017. Eg synar korleis Trolltunga er blitt ein så stor attraksjon, og drøfter kvifor det har blitt slik. Eg meiner at Trolltunga er «skapt» gjennom ein effektiv marknadsføringskampanje, samtidig som Odda er eit barn av moderne sosiale medium. På Instagram, Facebook og Tripadvisor spreiaast «Trolltungabilete», som i stor grad er like i form og motiv, og når ut til alle verdshjørne. Dette på ein mindre profesjonell måte enn via tradisjonelle kanalar. Trolltunga er eit reisemål som ser meir spektakulært ut på bilete enn når ein står ytst på Tunga.

Turisten møter Odda i fleire kanalar, og eg ser på fleire av dei, både korleis staden blir presentert lokalt, men og korleis staden blir presentert på internett og brosjyrar. Hovudfokus har vore på turistbransjen, som inkluderer både museum, kommunen og ulike turistfirma.

Eg synar korleis Odda er forma av den enorme populariteten til Trolltunga, og korleis den saman med industri, kultur og andre naturreisemål formar ein mangesidig turiststad.



# Føreord

Denne masteren har vore i mine tankar heilt sida eg var på skitur i Vinje romjula 2016. Eg såg ned på det oppdemte Bordalsvatnet og bestemte meg for å skrive noko omkring vasskraft, industri og natur. Sida det har eg fått hjelp av utruleg mange ulike personar, både gjennom sparring av idear, spissing av tema, inspirasjon og samtalar. Eg ynskjer spesielt å takke mine to rettleiarar Bjørn Sverre Hol Haugen og Ulf Ingemar Gustafsson for godt samarbeid og gode tilbakemeldingar, utan rettleiing, ingen master. Eg ynskjer og å takke alle mine informantar i Hardanger, både hjå NVIM, Odda kommune, Trolltunga active og Reisemål Hardangerfjord.





# Innholdsliste

1	Introduksjon .....	1
	Problemstilling .....	2
	Kontrastfylte Odda .....	2
	Nokre omgrep.....	3
	Stadshistorie.....	4
	Forskingshistorie .....	6
	Relevans .....	8
	Struktur.....	9
2	Metode, teori og materiale .....	11
	Diskursanalyse .....	11
	Tre tilgangar til diskursanalyse .....	12
	Min metode .....	14
	Metodebruk av diskursanalyse .....	14
	Omgrep.....	18
	Arv.....	18
	Industriell kulturarv.....	21
	Naturarv.....	22
	Natur og kultur .....	24
	Turisten, blikket og landskapet .....	25
3	Kva er turistane sitt Odda? .....	27
	Innleiing .....	27
	Naturen er ramme.....	28
	Kulturen i sentrum.....	30
	Det store spranget.....	31
	Odda før turismen.....	33
	Vegen mot Trolltunga .....	34
	Turisten, Oddingen, og reiselivsbransjen .....	38
	Trolltunga city .....	39
	Naturstaden.....	40
4	Natur og Industri .....	41
	Innleiing .....	41

Industrituren Trolltunga?.....	43
Industrien i naturen.....	47
Speler industrien og naturen på lag? .....	49
Odda på staden og på nett .....	52
5    Konklusjon .....	54
Litteraturliste .....	56
Bilete .....	59
Vedlegg .....	60
Vedlegg 1 Materiale .....	60
Vedlegg 2 Kart over Odde og Tyssedal .....	63
Vedlegg 3 Samtykkeskjema .....	64

# 1 Introduksjon

*Odda – kontrastenes kaleidoskop*

*Opplev et eventyr av brusende fosser, smaragdgrønne fjorder, blå isbreer, sølvstenkte topper og frodige daler. Oddas forunderlige natur kan tilby det meste. Trolltunga er det største eksempelet på hva Oddas overraskende natur kan tilby. Dette utspringet som kjemper mot naturkreftene skaper et av de mest imponerende utsiktspunktene som finnes. Hos oss er det et vell av andre ting å oppleve. Vi er omgitt av to nasjonalparker, Europas dypeste snø i Røldal, Røldals unike stavkirke, Buerbreen og den historiske industribygda Tyssedal. Vi har mange aktiviteter med stor bredde som venter på å bli utforsket.<sup>1</sup>*

Dette er introduksjonen ein får når ein besøker visitodda.com, Odda kommune si reiselivsnettside, i tillegg er det eit stort bilete av den mest besøkte turistattraksjonen i Odda, Trolltunga. Dette er og ein god introduksjon til det Odda eg ynskjer å utforske i denne oppgåva. Trolltunga er eit av dei største reisemåla i Noreg, med eksplosiv vekst dei siste ti åra. Odda har i løpet av få år gått frå å vere en stad med relativt lite turisme, til å bli ein av Noregs største turistkommunar. I 2008 besøkte 800 personar Trolltunga, og i 2017 var det auka til 100 000 besøk.<sup>2</sup> Odda er ein historisk stad, og er i dag ein viktig industristad, som sida tidleg 1900-tal har vore definert av fleire store fabrikkar drive av lokal vasskraft. I 2008 var det diskusjon om Odda skulle inn på UNESCO si verdsarvliste som industriell kulturarv, men dette var kontroversielt lokalt, og etter ei folkeavstemming vart søknadsprosessen avslutta.<sup>3</sup> Trolltunga city spelar på denne turismen, der Trolltunga er ein sterk og tydeleg del av presentasjonen av Odda i alle moglege kanalar.

Turistane som vitjar Odda får informasjon, inntrykk, kunnskap, opplevingar og minner gjennom ein rekke stader og kanalar. Allereie før dei kjem kan turistane få informasjon gjennom internettsidene til lokale, regionale, nasjonale og internasjonale reiselivsaktørar, og ulike sosiale medium. Når dei endeleg kjem til Odda er det mange ulike stader ein kan

---

<sup>1</sup> Visitodda.com 03.05.2018 <https://www.hardangerfjord.com/odda/>

<sup>2</sup> Elise Angell og Tale Hauso, "Nytt rekordår for Trolltunga - men talet på redningsaksjonar fall drastisk," NRK(2017) 12.02.2018. <https://www.nrk.no/hordaland/nytt-rekordar-for-trolltunga--men-talet-pa-redningsaksjonar-fall-drastisk-1.13731210>.

<sup>3</sup> Randi Bårtvedt, "Kva skjer når kvardagen blir verdensarv?," i *Når industrisamfunnet blir verdensarv*, red. Hans-Jakob Ågotnes (Oslo: Scandinavian Academic Press, 2014), 108.

besøke, og mykje informasjon og reklame som lærer turisten alt mogleg, enten det er historie, naturkjennskap, informasjon om andre tilbod og attraksjonar eller noko anna.

### **Problemstilling**

Eg ynskjer å undersøkje kva Odda det er som blir presentert til turistane, og spesielt korleis natur, kultur og industri er presentert kvar for seg og i samanheng. Mi problemstilling er: Korleis blir natur, kultur og industri presentert til turistar i Odda i dag? Natur, kultur og industri er alle store omgrep med stor breidde; natur kan vere kultur, og industri kan vere begge delar. Likevel er dette omgrep som blir brukt til å skildre Odda, og dei er nyttige omgrep å ta med diskusjonen. Spesifikt vil eg sjå på kulturarv, naturarv og industriarv, sidan dei har vore relevante i Odda tidlegare i samband med verdsarvsdebatten. Mitt fokus er på Odda og Tyssedal, ikkje Skare og Røldal, som og ligg i Odda kommune.

### **Kontrastfylte Odda**

Odda har vore sett på som ein stad for kontrastar. Eg har sjølv vakse opp i naboregionen Sunnhordland, og er vant med at Odda blir kalla for ein av Norges styggaste stader. Lonely Planet, kanskje verdas største reisebokforlag, skreiv i 2008 om Odda:

*Frequently cited as Norway's ugliest town..., Odda is the Hardanger region's industrial, iron-smelting capital. What it does offer is a front-row view of one of Norway's finest landscapes: the innermost reaches of Hardangerfjord with a riotous waterfall and the icy heights of the fabulous Folgefonn glacier. Just try not to breathe in while you're admiring the view.*<sup>4</sup>

For Lonely planet var Odda berre eit springbrett for reise til den storslagne naturen. Likevel er altså Odda i dag ein stor turistdestinasjon og toppattraksjonen for turistar til Hardanger.

Lonely planet har og moderert sitt syn på Odda og skriv i sin siste bok frå 2015 ikkje lenger at Odda er Noregs styggaste stad, ei heller at lufta er skadeleg.<sup>5</sup> Det er spanande å finne ut kva som har skjedd som kan ha endra dette.

---

<sup>4</sup> Anthony Ham, Miles Roddis, og Kari Lundgren, *Norway*, 4 utg., Lonely planet (Footscray Vic: Lonely Planet, 2008), 219.

<sup>5</sup> Anthony Ham, Stuart Butler, og Donna Wheeler, *Norway*, 6 utg. (Footscray Vic: Lonely Planet, 2015), 190.

## Nokre omgrep

Eg skal fortsette med eit par korte definisjonar, nokre av desse vil bli vidare definert i kapittel to. Den fyrste definisjonen er av dei tre aktørane som formar turiststaden Odda, deretter definerer eg omgrepa natur, kultur og industri.

Den fyrste aktøren er turistbransjen, som er alle profesjonelle eller frivillige som arbeider med å presentere Odda for turistane, aktørar som kommune, reisebyrå, museum, aktivitetsbyrå, hotell, kafear og liknande. Alle desse arbeider ikkje berre med turisme, men er kvar ein liten del av den heilskaplege presentasjonen.

Aktør nummer to er turistane, dei som vitjar Odda, enten dei besøker Odda som eit enkeltreisemål eller som ein del av ei større reise. Utanlandske og norske turistar går som ei gruppe i denne oppgåva. Turistar er ei veldig samansett gruppe, både når det gjeld føremål, alder, opphavstad og fokus. Turistane er dei som fordøyar det Odda som blir presentert.

Den tredje aktøren er lokalbefolkninga, som er med på å skape og presentere Odda, samt å fordøya det. Då tenker eg både på lokalbefolkning i sjølve Odda, men og dei i regionen rundt som reiser gjennom eller kanskje arbeider i Odda.

Eg fortsett med å definere min omgrepstrio, natur, kultur og industri. Natur og kultur er i følgje Store norske leksikon i motsats til kvarandre. «*Natur er i videste forstand den del av virkeligheten som ikke er bearbeidet av mennesket, men fremkommet ved organisk utvikling.*»<sup>6</sup> Natur er dermed det meir eller mindre urørte. Dette er ein vanskeleg definisjon, fordi mennesket har innverknad på heile naturen direkte eller indirekte via til dømes menneskeskapte klimaendringar, landbruk og liknande, men det er ein enkel definisjon å ta med inn i diskusjonen.

Kultur er då det omvendte av naturen, det menneskeskapte. Kulturomgrepet i dag er vidt, og Anne Eriksen meiner at det kan vere så breidt at det blir udifferensiert.<sup>7</sup> Eg vel dette veldig vide kulturbegrepet «det menneskeskapte». Kulturarv er det menneskeskapte som blei skapt før og som menneskeheita no «arvar».<sup>8</sup> Industri og industriarv er då underkategoriar av kultur og kulturarv. Industri handlar om å tilverke råstoff og det store feltet rundt dette, i Odda vil

---

<sup>6</sup> "Natur," red. Einar Duengen Bøhn, *Store Norske Leksikon* (2017), 14.02.2018 <https://snl.no/natur>.

<sup>7</sup> Anne Eriksen, "Kulturarv og kulturarvinger," *Nytt norsk tidsskrift* 26, no. 3-4 (2009)08.03.2018. <https://www.idunn.no/file/pdf/36231938/art02.pdf>.

<sup>8</sup> *Ibid.*, 6.

det vere å bruke energien i vasskrafta til å produsere ein rekke ulike produkt.<sup>9</sup> Industrien kan forståast smalt, at industrien er fabrikkar, maskiner, demningar og kraftstasjonar, eller breitt til å gjelde heile industrisamfunnet i Odda med vegar, arbeidarbustadar, sjukehus og skular. Industriarv vil og dekkja den delen av industrien som ikkje lenger er i bruk. Til dømes produserast det ikkje lenger straum i Tysso I kraftstasjon, og det blir ikkje lenger tilverka råstoff, men han er framleis ein del av industriarva.

Desse tre omgrepa vil eg sjå vidare på i kapittel 2, der vil eg og sjå korleis desse kan bli «arv»

## Stadhistorie

Når eg skal fortelje korleis Odda blir presentert til turistane er det viktig å ha med seg kva det er som har ført til at Odda er slik det er i dag. Framstillinga her i introduksjonen er kort og forenkla, eg kjem tilbake til historia i kapittel 3. Når eg snakkar om natur, naturarv, kultur, kulturarv, industri, industriarv og liknande, kan denne historia bli trekt langt tilbake i tid, og samtidig ha eit hovudfokus på dei siste to hundre åra. Eg vil dra heilt tilbake til då fjordane blei danna av isbrear i istida.<sup>10</sup> Isbrear grov u-daler og gjennom fleire istider blei fjordar skapt, Odda er eit typisk isbreskapt landskap. Eg kan og dra lengre tilbake, til den kaledonske landhevinga, då fjella som fjordane seinare vart liggande mellom, oppsto. Denne perioden har forma landskapet og har tydeleg innverknad på dagens Odda. Etter at isen trakk seg tilbake for rundt 10 000 år sida kom dei fyrste menneska til Hardanger, og etter dette har det levd menneske i Odda som har drive med jakt, fiske og jordbruk.<sup>11</sup>

På 1800-talet kom ein ny gruppe menneske til Odda, dei fyrste turistane.<sup>12</sup> Utover 1800-talet kom det fleire og fleire av dei til Odda, i hovudsak for å sjå Oddadalen og fossane der, men og til Skjeggedal, Folgefonna og Hardangervidda.<sup>13</sup> Desse turistane var ein del av ein større turistboom til Noreg på slutten av 1800-talet, der ein besøkte Vestlandet og andre delar av landet og såg fossar, fiska etter laks og leita etter den norske bondekulturen. Omkring halvparten av dei utanlandske turistane til Noreg i 1900 var innom Odda.<sup>14</sup>

---

<sup>9</sup> "Industri," red. Arne Isaksen, *Store Norske Leksikon* (2018), 02.03.2018 <https://snl.no/industri>.

<sup>10</sup> Inge Bryhni, "Fjord," *ibid.* (2016), 15.02.2018 <https://snl.no/fjord>.

<sup>11</sup> Leif Ryvarden, *Hardangervidda : naturen, opplevelsene, historien* (Oslo: Cappelen Damm, 2011), 109.

<sup>12</sup> *Ibid.*, 131.

<sup>13</sup> Jan Gravdal, Våde Vidar, og AS Tyssefaldene, *Tyssefaldene : krafttak i 100 år : 1906-2006* (Tyssefaldene, 2006), 17.

<sup>14</sup> «Vegen til Trolltunga», utstilling

Parallelt med desse turistane kom det og vitskapsfolk og kapitalistar til Hardanger. Deriblant Sam Eyde, direktør i Norsk Hydro, som oppretta AS Tyssefaldene i 1906.<sup>15</sup> Desse var interesserte i fossane i Odda, spesielt i den mektige Skjeggedalsfossen i Tyssedal. AS Tyssefaldene vart oppretta i samarbeid med utanlandske aktørar, den svenske bankieren Marcus Wallenberg samt The Sun Gas Company frå Storbritannia.<sup>16</sup> Konesjon for utnytting av fossen blei gitt i 1906, og utbygging kom i gang same året.<sup>17</sup> Kraft og industri starta i 1908, med Karbidfabrikk inne i Odda og kraftverk i Tyssedal.<sup>18</sup> Det kom og ein Cyanamidfabrikk i Odda og etter kvart og eit aluminiumsverk i Tyssedal, alle med straum frå fossen.<sup>19</sup> Gjennom dei neste hundre åra har det vore fleire kraftutbyggingar, fram til Håvardsvatn som den førebels siste i 2005.<sup>20</sup> Industrien har hatt opp- og nedgangstider, Odda smelteverk, karbidfabrikken, gjekk i 2003 konkurs og er lagt ned, sinkverket på Eitrheimsneset og titanverket i Tyssedal er framleis i drift per 2018.<sup>21</sup>

Odda sin historie har i dei seinare år fått internasjonal merksemd. På tidleg 2000-tal var staten i gong med ein prosess for kanskje å få Odda inn på UNESCO si verdsarvliste. Det ville då kome inn som kulturarv, med hovudfokus på vasskrafta og industrien. Lokalt var det både støtte og motstand, og debatten gjekk i aviser, butikkar og på kafear. I 2006 var det ei folkerøysting om Smelteverket skulle rivast, som i praksis blei eit ja eller nei til UNESCO-søknad. Resultatet vart eit knapt fleirtal for å rive. Odda-Tyssedal vart då ikkje vidare med i prosessen etter ein lang periode på UNESCO sin tentative liste. Grunna manglande lokal støtte, valte Regjeringa og Riksantikvaren å gå vidare med berre Rjukan-Notodden, som søkte parallelt og kom inn på verdsarvlista i 2015.<sup>22</sup>

Naturhistoria og naturvernshistoria til Odda har gått parallelt med kulturhistoria, og samtidig som ein har bygd ut delar av Odda, er andre delar verna. Spesielt var opprettinga av Hardangervidda nasjonalpark i 1981 og Folgefonna nasjonalpark i 2005 viktige, fordi desse sette grenser for utbygging av vasskraft. Hardangervidda nasjonalpark unngår akkurat alle dei regulerte vatna i Odda, unntatt eit. Det var på 1960-talet foreslått å utbygge Opovassdraget, som går opp Oddadalen, men freding av denne ble knesett i den fyrste verneplan for vassdrag

---

<sup>15</sup> Gravdal, Vidar, og AS Tyssefaldene, *Tyssefaldene : krafttak i 100 år : 1906-2006*, 12.

<sup>16</sup> Ibid., 180.

<sup>17</sup> Ibid., 21.

<sup>18</sup> Ibid., 246.

<sup>19</sup> Ibid., 70.

<sup>20</sup> Ibid., 166.

<sup>21</sup> Bårtvedt, "Kva skjer når kvardagen blir verdensarv?," 96.

<sup>22</sup> Ibid., 108.

i 1973.<sup>23</sup> NVE handsamer for tida ein konsesjonssøknad frå Sunnhordland kraftlag om kombinert flaumvern og kraftverk frå Sandvinsvatnet til fjorden i tunnel under Odda sentrum. Løyve for konsesjonshandsaming har blitt vedteke i Stortinget, på grunn av vassdragsvernet.<sup>24</sup>

Turismen til Odda forsvann ikkje då industrien kom. Keiser Wilhelm av Tyskland reiste til dømes som turist til anlegget i Tyssedal i 1908.<sup>25</sup> Etter kvart fall talet på turistar i samband med fyrste og andre verdskrigen, dette skjedde over heile Noreg. Odda har likevel vore populært for turistar både før og etter verdskrigane. Hardangervidda og Folgefonna har hatt mange turistar, og den Norske Turistforening har fire turisthytter på fjellet i kommunen. I tillegg er det turistar som kjem til Hardanger for å sjå fjorden og naturen. I det siste har nok Trolltunga vore hovudfokus for turistane til Odda, som tidlegare nemnt. Dette fører til ein synergieffekt der dei i tillegg besøker andre stader i kommunen og regionen. Den nye auka i turismen har ført til fleire jobbar i turistbransjen. Når det kjem fleire jobbar i samband med turismen, kan dette og vere med på å forhindre arbeidsløyse og fråflytting etter at industribedrifter har lagt ned eller skalert ned drifta, sjølv om turistnæringa ikkje kan erstatte industrien fullt og heilt. Tidlegare industriarbeidarar vil og vere verdifulle når ein formidlar industriarven.

Dette mangesidige Odda, med turisme, industri og natur er veldig interessant, og hovudgrunnen til at eg ynskjer å sjå nærare på Odda.

## Forskingshistorie

Det er avgrensa forskning kring dette temaet, men det er nærliggande tema som det er skrivne ein del om. Det er ein pågåande doktorgrad som går føre seg på senter for teknologi, innovasjon og kultur på samfunnsvitskapeleg fakultet på UIO. Denne tek for seg fossar, spesifikt Skjeggedalsfossen i Odda, og ser på korleis dei blei verdsett før utbygginga.<sup>26</sup> Denne tematikken liknar på det eg ser på, men avhandlinga sluttar analysen i 1920.

Temaet om vasskraft som kulturarv er noko som er veletablert kulturminnefagleg, og spesielt for Odda, både grunna forarbeid til UNESCO-søknaden og arbeid gjort via NVE, som har

---

<sup>23</sup> "Opo m/Låtefoss," 18.02.2018. <https://www.nve.no/vann-vassdrag-og-miljo/verneplan-for-vassdrag/hordaland/048-2-Opo-m-Latefoss/>.

<sup>24</sup> Olje- og energidepartementet, "Varig flomvern i Opovassdraget mv.," Stortinget, <https://www.stortinget.no/nn/Saker-og-publikasjonar/Saker/Sak/?p=66697>.

<sup>25</sup> Gravdal, Vidar, og AS Tyssefaldene, *Tyssefaldene : krafttak i 100 år : 1906-2006*, 29.

<sup>26</sup> "Final Dissertation Seminar," Universitetet i Oslo, 20.02.2018. <http://www.sv.uio.no/tik/english/research/news-and-events/events/midway-and-final-seminars-phd/2017/final-dissertation-seminar-nynas>.



skrive fleire rapportar om vasskrafta sine kulturminne. Dette er blant anna Tyssø I og Ringedalsdammen.<sup>27</sup> Fleire industrianlegg i Odda og Tyssedal er freda gjennom kulturminnelova, og Smelteverket i Odda og kraftstasjonen i Tyssedal er med i Riksantikvaren sitt bevaringsprogram for teknisk-industrielle kulturminne.<sup>28</sup> Det er og forska på fleire sider av industriarven i Odda. Spesielt vil eg trekkje fram boka «*Når industrisamfunnet blir verdensarv*» frå 2014, der det er ei rekke artiklar om industriarven, men ingen spesifikt om industri og natur.<sup>29</sup>

Det er skriva ein del om industrien og naturen i Hardanger. Christine Hansen skreiv i 2012 ein artikkel om korleis Hardanger er framstilt i bilete, og korleis industrien har blitt underrepresentert i presentasjonen av regionen.<sup>30</sup> Dette er eit poeng eg og ynskjer å utforske i oppgåva mi, men eg ynskjer å gå rett ned til Odda, og i tillegg fokusere på tekst i tillegg til bilete.

Når det gjeld naturarv og natur, er fleire stader i Odda verna for naturverdien.<sup>31</sup> Fjorden i Odda er ikkje verna, men to vestnorske fjordlandskap er på UNESCO si verdsarvliste. Desse ligg i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og delvis i Hordaland.<sup>32</sup> Dette viser at fjord har ein etablert naturarvsverdi, og Sørfjorden inneheld mange av dei same karakteristikkane som kjenneteiknar «Vestnorsk Fjordlandskap».

Trolltunga og den moderne turismen til Odda er og sett på. Det er fleire masteroppgåver om temaet. I 2017 skreiv Peter Fredheim Oma ein masteroppgåve i naturbasert reiseliv med tittel «*Turister på utrygg grunn*» som handlar om kva føresetnadar og kunnskap turistane har før

---

<sup>27</sup> Helena Nynäs, Dammer som kulturminner, (Oslo: Norges vassdrags- og energidirektorat, 2013)20.02.2018. [http://publikasjoner.nve.no/rapport/2013/rapport2013\\_64.pdf](http://publikasjoner.nve.no/rapport/2013/rapport2013_64.pdf). og

Sissel Riibe, Henning Weyergang-Nielsen, og Norges vassdrags- og energidirektorat, Kraftoverføringens kulturminner, (Oslo: Norges vassdrags- og energidirektorat, 2010)20.02.2018.

[http://publikasjoner.nve.no/rapport/2010/rapport2010\\_17.pdf](http://publikasjoner.nve.no/rapport/2010/rapport2010_17.pdf); Elisabeth Bjørsvik, Helena Nynäs, og Per Einar Faugli, *Kulturminner i norsk kraftproduksjon*, Rev. utg. utg., vol. nr. 52-2013, Rapport (Norges vassdrags- og energidirektorat : trykt utg.) (Oslo: Norges vassdrags- og energidirektorat, 2013).

<sup>28</sup> Riksantikvaren, *Riksantikvarens bevaringsprogram for tekniske og industrielle kulturminner* (Oslo: Riksantikvaren, 2017).

<sup>29</sup> Hans-Jakob Ågotnes, red. *Når industrisamfunnet blir verdensarv* (Oslo: Scandinavian Academic Press, 2014).

<sup>30</sup> Christine Hansen, "Hardangersaken og visualiseringen av et nasjonalt landskap," *Nytt Norsk Tidsskrift* 29, no. 03 (2012)20.02.2018.

[http://www.idunn.no/nnt/2012/03/hardangersaken\\_og\\_visualiseringen\\_av\\_et\\_nasjonalt\\_landskap](http://www.idunn.no/nnt/2012/03/hardangersaken_og_visualiseringen_av_et_nasjonalt_landskap).

<sup>31</sup> Då spesielt Hardangervidda og Folgefonna nasjonalpark

<sup>32</sup> "The West Norwegian Fjords," (2004)20.02.2018. <http://whc.unesco.org/uploads/nominations/1195.pdf>.

dei drar på turen til Trolltunga. Den same tematikk er og teken opp i brennpunktdokumentaren «Alarm Trolltunga» frå 2016.<sup>33</sup>

I 2016 skreiv Anouk Evers ei masteroppgåve i turiststudier, med tittelen «Transforming a Norwegian Landscape into an Iconic Tourist Attraction: The Trolltunga Experience».<sup>34</sup> Denne er ein studie av korleis turistar opplever Trolltunga, og turen til Trolltunga. Ho har metodisk intervjuet fleire turistar og spurt korleis dei opplever Trolltunga og turen opp, fysisk og visuelt. Det gjeld både den fysiske opplevinga av turen, og den visuelle opplevinga av landskapet. Ho har intervjuet 139 turistar for å finne ut korleis Trolltunga blir oppfatta og skapt visuelt. Dette kan likna på min studie, og enkelte av hennar resultat er gode for å vise effekten av det Odda som blir presentert. I motsats er min studie meir fokusert på dei som lagar presentasjonen enn dei som opplever han; eg har ikkje intervjuet turistar. Resultatet hennar er at det visuelle er det viktigaste for turistane, og at den fysiske turen for mange er eit negativt aspekt med opplevinga.

## Relevans

Eg trur at min studie er interessant og relevant for mange ulike fagfelt. I eit land som Noreg er nesten all kulturarv plassert i ein medviten eller umedviten naturkontekst, dette gjeld spesielt for større anlegg og bygningar. Stavkyrkjer er til dømes alle som ei plasserte ikkje i eit bysentrum, men ute på bygda med ei meir naturleg ramme.<sup>35</sup> Miljøvernaspektet vil sjølvsagt vere annleis når ein snakkar om stavkyrkjer enn når ein snakkar om moderne industri, men og med stavkyrkjer kan ein diskutere om det er ein samanheng mellom stavkyrkje og natur. Industrierven i Odda er og eit døme på omstridt kulturarv, der folket i Odda har vore både negative og positive til å verne industrien i bygda.<sup>36</sup>

I tillegg til kulturarvsstudier og kulturarvforvaltning kan oppgåva mi vere interessant i meir reine naturstudiar, då det er enkelt å stille det omvendte spørsmålet av det eg har gjort, nemleg korleis naturarv er framstilt i lys av kulturarven. Ein viktig del av Vestnorsk fjordlandskap er

---

<sup>33</sup> Peter Fredheim Oma og Øystein Aas, "Turister på utrygg grunn," (2017), <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2464644>.

"Alarm Trolltunga," *Brennpunkt*(2016)23.11.2016. <https://tv.nrk.no/serie/brennpunkt/MDDP11001716/23-11-2016>.

<sup>34</sup> Anouk Evers og Jens Kristian Jacobsen Steen, "Transforming a Norwegian Landscape into an Iconic Tourist Attraction: The Trolltunga Experience," (2016), <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2413805>.

<sup>35</sup> "Stavkirke.no," Fortidsminneforeningen, 21.02.2018. <http://stavkirke.no/index.php?lang=no>.

<sup>36</sup>Bårtvedt «Kva skjer når kvardagen blir verdensarv?» 108

kulturlandskapet, med gardar oppetter liene, og ein kan spørje seg om det er ein sterk samanheng mellom fjorden og gardane?<sup>37</sup>

For det tredje kan studien min ha relevans for turistindustrien, særleg sidan det er den eg fokuserer på, men det å reflektere over korleis natur og industri blir presenterte i samanheng er noko fleire kan ha nytte av.

Det kan og vere nyttig å tenke på kulturen og industrien som ein positiv ressurs for turistbransjen. Sjølv om 76% av turistar til Noreg kjem for å oppleve fjordane, og 62% kjem for å oppleve naturen, i følgje innovasjon Norge sin turistundersøking, så er det kulturturistane og ikkje naturturistane som legg igjen mest pengar i norsk økonomi.<sup>38</sup> Det kan difor vere fordelaktig å fokusere på kulturbaserte aktivitetar i tillegg til naturen. Kulturturistar er karakterisert av å ville oppleve lokal kultur, historie, tradisjonar, museum og historiske stader og bygningar.

## Struktur

Oppgåva er strukturert i 5 kapittel. Fyrst er det introduksjonskapittelet som introduserer Odda og Odda si historie, mitt prosjekt og tidlegare forskning på same prosjektet. I kapittel 2 går eg gjennom teori, metode og materiale. Der diskuterar eg metoden min, diskursanalyse, og diskuterer det teoretiske rammeverket den sett og går gjennom litt ulike tilgongar til han. Deretter viser eg korleis bruker han i min analyse, kva støtteметoder er brukt og kva materiale eg har samla. I same kapittel går eg gjennom ein del teoretiske omgrep, kulturarv, naturarv og industriarv. Kva er kultur og naturarv, og kva er UNESCO og andre sitt syn på det? Er industriarv spesielt i forhold til anna kulturarv? Er naturen eit motstykke til kulturen, og er dermed naturarv og kulturarv motstykke?

Kapittel 3 og 4 er analysen min. I kapittel 3 diskuterer eg korleis Odda blir presentert til turistane, og skildrar presentasjonen av utviklinga frå jordbruksbygd til internasjonal turistdestinasjon, overgangen til «einsidig» industristad og vidare mot i dag. Eg ser på korleis dette er med på å forme Odda i dag, og kva narrativ som blir vist til turistane. Eg diskuterer

---

<sup>37</sup> "The West Norwegian Fjords". 57.

<sup>38</sup> Nærings- og fiskeridepartementet, *Opplev Norge – unikt og eventyrlig*, St.meld. nr. 19 (2016-2017) (Oslo: Nærings- og fiskeridepartementet,), 12, 43.

om Odda er inne i ein ny fase, og om Odda kan seiast å ha gått frå å vere ein industristad til å vere noko anna.

I kapittel 4 skal eg drøfte spesifikt korleis naturen og industrien blir vist til turistane. I kor stor grad kan det bli prega av konflikt eller harmoni, og er industrien ein stor del av presentasjonen? I stor grad er industrien evig nærverande, men ikkje alltid like tydeleg trekt fram. Eg synar korleis Trolltunga er påverka av industriutbygginga og er framstilt som «naturleg». Til sist drøfter eg om industri og natur er framstilt med eit positivt forhold til kvarandre. Er industrien framstilt til å ha mindre negativ innverknad på naturen enn han i realiteten har?

Kapittel 5 er samandraget mitt, der eg trekkjer trådane frå kapittel 3 og 4 saman.

## 2 Metode, teori og materiale

### Diskursanalyse

Diskursanalyse er ein tverrfagleg metode som blir brukt for å finne ut korleis menneske oppfattar og tolkar verda. Den er ein kritisk forskingsmetode som er brukt i ein rekke fagfelt sidan han kom på 1950-talet.<sup>39</sup> Diskursanalysens mål er å oppdage og analysere diskursar. Omgrepet diskurs har litt ulike definisjonar hjå ulike teoretikarar. I sin introduksjonsbok definerer Marianne Winther Jørgensen og Louise Philips diskurs som «...*en bestemt måde at tale og forstå verden (eller et udsnit af verden) på.*»<sup>40</sup> Denne definisjonen skal eg og bruke i den vidare drøftinga, fordi Odda er ein stad som blir forstått på heilt særskilde måtar, der presentasjonen er med på å skape eit spesielt diskursivt bilete. Jørgensen og Philips definerer tre kjente tilgangar til diskursanalyse som eg drøftar i dette kapitlet. Eg skal drøfte kvar enkelt av tilgangane og trekkje ut relevante omgrep og konsept for denne oppgåva, men eg brukar hovudsakleg diskursteorien. Desse tre tilgangane er:

- Diskursteori
- Kritisk diskursanalyse
- Diskurspsykologi

Diskursanalyse er i utgangspunktet både metode og teori. Dette fordi diskursanalysen føreset teoretiske implikasjonar som gjer at han ikkje kan bli brukt som metode saman med alle andre teoretiske rammeverk. Medan ulike former for intervju kan bli brukt innanføre ei rekke ulike teoretiske rammeverk, er diskursanalysen ikkje kompatibel med mange større teoriar. Dette er fordi diskursanalyse i stor grad føresette eit sosialkonstruksjonistisk eller sosialkonstruktivistisk utgangspunkt. Sosialkonstruksjonismen er tanken om at det er lite som er objektivt sant, verda får meining berre gjennom språk og menneskeleg samkvem.<sup>41</sup> Det betyr ikkje at den fysiske verda ikkje finst, men det er fyrst gjennom ein diskurs at dei får meining for oss. Odda Smelteverk finst som eit verkeleg anlegg, men det er diskursen som former anlegget sin meining og verdi, og omdefinerer det over tid. Om anlegget blir sett i ein

---

<sup>39</sup> Marianne Winther Jørgensen og Louise Phillips, *Diskursanalyse som teori og metode* (Frederiksberg: Roskilde Universitetsforl. Samfundslitteratur, 1999), 21.

<sup>40</sup> *Ibid.*, 9.

<sup>41</sup> *Ibid.*, 11.

nasjonal diskurs, er det eit symbol for norsk industrihistorie, om det blir sett i ein lokal diskurs, kan det derimot vere eit symbol på økonomiske nedgangstider. Diskursanalyse er dermed både teori og metode, fordi han på mange sett føreset denne tanken om at verda er relativ.

Eg ynskjer å bruke omgrepet sosialkonstruktivisme, med «tiv» ikkje «sjon» dette er fordi eg meiner at det finst sanning. I sosialkonstruksjonismen er all kunnskap skapt gjennom sosiale prosesser og det er samanheng mellom kunnskap og sosial handling.<sup>42</sup> Eg meiner at dersom dette er sant burde samfunn være fundamentalt ulike. Likevel vil ein oppdage at dei fleste samfunn deler ei rekke definisjonar, til dømes om kva som er mat eller ikkje. Desse kan vere sosialt konstruerte, men er likevel så allmenne at dei kan betraktast som objektivt sanne. Den danske forskaren Søren Kjørup kritiserer sosialkonstruksjonismen ved å hevde at dersom det ikkje finnes sanning, og alle perspektiv er like gyldige, då er det ikkje lenger vits å undersøke noko vitskapeleg.<sup>43</sup> Han er meir positiv til sosialkonstruktivisme, og definerer den slik:

*«den virkelighed vi oplever og erkender, i større eller mindre grad er formet eller skabt gennem selve den måde vi tænker og taler om den på, gennem vores måder at beskrive, afbilde og forklare den på, altså gennem vores sprog og andre tegnsystemer og gennem vore begreber, og gennem sociale konventioner.»<sup>44</sup>*

Vår oppfatning er i større eller mindre grad sosialt konstruert, men det finst framleis ein verkelegheit, det finst objektiv sanning. Denne tanken vil eg og gå ut i frå, utan å definera det som er sant eller usant.

### **Tre tilgangar til diskursanalyse**

Alle dei tre tilgangane liknar på kvarandre, og det er ulike variantar innan kvar enkelt tradisjon. Det multidisiplinære feltet diskursanalyse er eit felt med ein felles hovudagenda, nemleg å oppdage og skildre diskursar, og det går å trekkje konsept og omgrep frå fleire tilgangar.<sup>45</sup>

---

<sup>42</sup> Ibid., 13.

<sup>43</sup> Søren Kjørup, "Den ubegrundede skepsis: en kritisk diskussion af socialkonstruktionismens filosofiske grundlag," *Sociologi i Dag* 31, no. 2 (2001)20.03.2018. [https://l.facebook.com/l.php?u=https%3A%2F%2Fcdn.fbsbx.com%2Fv%2Ft59.2708-21%2F28966925\\_10160268723425235\\_6977223407993618432\\_n.pdf%2FDenubegrundedeskepsis.pdf%3F\\_ncat%3D0%26oh%3Dd3b06c3fea3d94fff18f5b70e0103641%26oe%3D5AFBC704%26dl%3D1&h=ATNdFeW\\_WZ48RufpfcRB9oWO1cMH2kvsXOfChNJ1IWnJOaMfwafInHLOzFZQvMaOL7ptPfvHa3hwGpYG7opgQPbOVSGIRXwd8DWY0bRGKoSSat3h6S1QAmmIvo&s=1](https://l.facebook.com/l.php?u=https%3A%2F%2Fcdn.fbsbx.com%2Fv%2Ft59.2708-21%2F28966925_10160268723425235_6977223407993618432_n.pdf%2FDenubegrundedeskepsis.pdf%3F_ncat%3D0%26oh%3Dd3b06c3fea3d94fff18f5b70e0103641%26oe%3D5AFBC704%26dl%3D1&h=ATNdFeW_WZ48RufpfcRB9oWO1cMH2kvsXOfChNJ1IWnJOaMfwafInHLOzFZQvMaOL7ptPfvHa3hwGpYG7opgQPbOVSGIRXwd8DWY0bRGKoSSat3h6S1QAmmIvo&s=1).

<sup>44</sup> Ibid., 3.

<sup>45</sup> Norman Fairclough, "Discourse and Text: Linguistic and Intertextual Analysis within Discourse Analysis," *Discourse & Society* 3, no. 2 (1992)30.01.2018. <https://doi.org/10.1177/0957926592003002004>.

Hovudgrunnen til at eg velje å bruke diskursteorien er fordi han har ein brei forståing av kva som kan bli analysert som ein del av diskursen. Diskurspsykologi ser på tekst (inkludert munnlege kjelder), medan kritisk diskursanalyse ser på tekst og bilete.<sup>46</sup> I diskursteorien kan derimot alle sosiale fenomen bli diskursanalysert.<sup>47</sup> Dette gjer at i diskursteorien er fabrikkane i Odda ein del av diskursen, ikkje bare skapt av ein diskurs, men ein del av fleire ulike diskursar. Diskursane forsøker å strukturere teikn som om alle teikn har ei fast meining i ein komplett struktur.<sup>48</sup>

Ernesto Laclau og Chantal Mouffe er hovudtenkarar innføre diskursteorien. Diskursteorien bygger på marxisme og poststruktralisme og ser dei to i samanheng.

Omgrep i diskursteorien er ikkje endeleg fastlagt, men i konstant endring, og skapast gjennom sosiale kamper. Diskursar kan i periodar stå uimotsagt og verke sjølvsegte, men vil likevel kunne endrast gjennom tid.<sup>49</sup> Ulike diskursar kan vere i konflikt for enkeltindivid, då ein person kan ha mange ulike identitetar som kan vere motstridande, til dømes som «turist» og «konservator». Disse konfliktane kallar Laclau og Mouffe for «antagonisme». Ein slik antagonisme blir oppløyst gjennom «hegemoniske intervensjoner» der ei kraft oppløyser antagonismen.<sup>50</sup> Denne krafta gjer at den eine diskursen får makt og endrar eller oppløyser den andre diskursen.

Frå diskurspsykologien vil eg trekke ut korleis dei meiner diskursar blir brukt som «interpretative repertoier» i sosial interaksjon.<sup>51</sup> Eit «interpretative repertoire» er i stor grad det same som ein diskurs, og er såleis ein gruppe omgrep, skildringar og talemåtar som brukast i ein sosial samanheng. Denne definisjonen er nyttig fordi han viser korleis eit omgrep ikkje er «fanga» i ein diskurs, men kan vere med i mange ulike diskursar, alt etter kva andre omgrep, skildringar og talemåtar han koplast saman med. Kulturarv kan bety noko anna når riksantikvaren brukar ordet enn når ein politikar gjer det. Diskurspsykologar har eit fokus på å bruke «naturleg førekommande materiale», som er materiale som skapast naturleg, ikkje gjennom kontakt med forskaren, som kvardagssamtaler, medietekster, og så vidare.<sup>52</sup> Mykje av mitt materiale kan definerast som naturleg førekommande materiale, men eg har ikkje

---

<sup>46</sup> Winther Jørgensen og Phillips, *Diskursanalyse som teori og metode*, 81.

<sup>47</sup> Ibid., 36.

<sup>48</sup> Ibid., 44.

<sup>49</sup> Ibid., 60.

<sup>50</sup> Ibid., 60.

<sup>51</sup> Ibid., 124.

<sup>52</sup> Ibid., 127.

brukt kvardagssamtaler. Grunnen til at ein ynskjer å bruke naturleg førekommande materiale, er at forskaren ikkje skal påverke materialet. Dette trur eg vil vere meir eller mindre umogleg, på grunn av den utveljinga som skjer når eg vel materiale, som ikkje vil kunne vere heilt objektiv.

### **Kritikk av diskursanalyse**

Diskursanalyse er ikkje ein metode utan problem. Det fyrste problemet er spørsmålet om sanning. Finnes det ei sanning som ikkje er etablert av diskursen, eller er alt dette relativt? Eg meiner at ja, det finst ei sanning, men kva som er denne sanninga, er vanskeleg å definere. Difor går eg og sosialkonstruktivistisk til verks, snarare enn sosialkonstruksjonistisk. Eit anna problem er analytikarens ståstad. Når ein forskar går inn for å analysere og utforske ein diskurs, vil forskaren sjølv bli ein del av diskursen, og vere med på å definere, skape og omdanne han. Dette «blir løyst» ved å bruke materiale som ikkje er påverka av forskaren, såkalla «naturleg førekommande materiale», men i denne prosessen vil det og vere eit val av kva materiale som er med i analysen og kva som faller utanfor. Det vil og vere umogleg å observere alle område der diskursen blir praktisert. Når eg til dømes ser på ulike turistpresentasjonar, veit eg ikkje korleis dei vart til i detalj, eg var ikkje med på ulike planleggingsmøte, og dersom eg hadde vore med på å observere denne prosessen, er det naivt å tru at eg ikkje hadde hatt ein verknad på materialet.

## **Min metode**

Eg vil hovudsakleg bruke diskursteorien til Laclau og Mouffe, men denne har ikkje ein direkte metode for å bruke han.<sup>53</sup> Difor trekk eg og på dei andre tilgangane.

### **Metodebruk av diskursanalyse**

Det aller fyrste eg gjorde var å utarbeide eit tema for min studie. I dette stadiet var tematikken grovt sett å undersøke korleis industri og natur blir formidla og presentert i Odda i dag. Odda er valt fyrst og fremst fordi eg sjølv kjem frå naboregionen til Odda, og fordi eg lenge har vore fascinert av industrien og naturen der. Naturen var mitt hovudfokus, og eg har tilbrakt mang ein sumar i fjellområda rundt Hardanger. Mitt fokus vil vere på korleis natur, kultur og industri blir formidla av dei profesjonelle aktørane i området. Problemstillinga blei laga i tråd med mitt utgangspunkt som student på Museologi- og kulturarvstuder, og kom våren 2017, då eg og gjorde førebuaende undersøkingar i tidlegare forskning og teori.

---

<sup>53</sup> Ibid., 34.



Deretter planla eg feltarbeid. Eg har gjennomført to feltarbeid til Odda og Hardanger i samband med masteren, eit i juli 2017 og eit i januar 2018, kvar gong på 4–5 dagar.

I feltarbeidet samla eg inn materiale og observerte. Innsamlinga besto i å dokumentere og registrere ulike presentasjonar i Odda. Eg har ikkje observert korleis presentasjonane er produsert, slik som i diskurspsykologien, men eg har observert eit Odda i høg turistsesong. Det å observere Odda i høgsesong var den viktigaste grunnen til at eg reiste på eit feltarbeid juli 2017. Å observere i Odda mens turistane var til stades, gjer at ein kan sjå meir kva som er effekten av turismen. Dette kallast for plassbasert observasjon, der ein observerer ein definert stad eller eit område.<sup>54</sup> Det gjer at eg til dømes kan sjå skilt med «no camping» langs vegane og inne i enkelte hagar. Slik informasjon kjem kanskje ikkje fram i eit intervju, strategidokument eller nettpresentasjonar.<sup>55</sup> I og med at mitt fokus ikkje er på det sosiale samspelet mellom turistar og turistbransje, er dette ikkje den viktigaste delen av mitt feltarbeid, men det er ein peikepinn på at dei lokale ikkje er like begeistra for alle sider av den nye masseturismen.

I Odda observerte eg, og dokumenterte det eg såg. I hovudsak gjorde eg dette via fotografi og feltdagbok. Eg hadde med ei lita notatbok gjennom begge feltarbeida, der eg skreiv ned korte inntrykk og refleksjonar. I tillegg tok eg bilete, spesielt fokus var det å ta bilete av presentasjonar, plakettar, utstillingar og liknande. Eg tok og bilete rundt i kring i Odda, for å forsøke å fange stemninga. Det er vanskeleg, om ikkje umogleg å fotografera alt i ein slik studie.<sup>56</sup> Mitt fokus er på ting som eg meiner belyser min tematikk. Desse bileta er tatt med min mobiltelefon, og er difor ikkje like skarpe som eit profesjonelt fotografi.

Eit anna aspekt ved mitt virke i Odda er å vere medviten på kva type aktør eg er. På besøk i Odda er eg ikkje museumsansatt, reiselivsoperatør eller heimbygding, eg er turist. Det vil seie at eg opplever presentasjonen av Odda på same måte som alle dei andre turistane som kom til Odda juli 2017. Eg veit kanskje meir om lokale forhold enn ein gjennomsnittleg turist, men like fullt er eg ein turist. Som turist vil eg få like mykje «hakeslepp» av den lokale naturen eller industrien. Fyrste dagen eg var i Odda januar 2018 køyrde eg mot Odda langs Sandvinsvatnet. Då eg då køyrde forbi Trolltunga hotell og endeleg såg utover Sjøfjorden

---

<sup>54</sup> Magnus Öhlander og Oscar Pripp, "Observation," i *Emologiskt fältarbete*, red. Lars Kaijser og Magnus Öhlander (Stockholm: Studentlitteratur, 2011), 120.

<sup>55</sup> *Ibid.*, 117.

<sup>56</sup> Lars Kaijser og Lizette Gradén, "Fotografi och film," *ibid.*, 178.

tenker eg, som turist og forskar, at denne augneblinken må dokumenterast, slik mang ein turist nok har gjort før meg. Eg vil og kunne bli påverka av været. Eg var på Trolltunga fyrste gong sommaren 2012, då var det tåke og lite utsikt, dette var ei veldig annleis oppleving enn den eg hadde på Trolltunga i strålande sol sommaren 2016.

I tillegg til observasjon, har eg gjennomført intervju med fleire av aktørane som presenterer Odda til turistane.<sup>57</sup> Her har fokus vore å få vite kva tanke som ligg bak presentasjonane, i tillegg til å få vite korleis dei arbeider og samarbeider med kvarandre. I innleiinga til kvart intervju har deltakaren signert eit samtykkeskjema, basert på samtykkeskjemaet til norsk senter for forskningsdata.<sup>58</sup> Samtykkeskjemaet som eg har brukt, har hatt ein frivillig moglegheit for deltakarar til ikkje å vere anonyme i studiet, noko som fleire har godtatt.<sup>59</sup> Grunnen til at anonymitet ikkje er like viktig i denne studien som i andre studiar, er at studie handlar om deltakaranes profesjonelle virke, og ikkje privatlivet. Dei av deltakarane som ville vere anonyme, er gitt eit falskt namn og er referert til som deltakar for den profesjonelle aktøren dei representerer.

Grunnen til at omsynet til personvernet er såpass sterkt, er fordi eg i ein intervjusituasjon kan få intime detaljar om deltakarar.<sup>60</sup> Det hendte at ein deltakarar kom med personlege meiningar, og presiserte at dette ikkje var hans eller hennes profesjonelle meining, eller sa at han eller ho ikkje ville siterast på dette. Som subjekt kan du ha mange ulike identitetar og roller som kan hamne i antagonistisk konflikt, i diskursteorien blir individet sett på som grunnleggande splitta.<sup>61</sup> Eit subjekt kan såleis i tillegg til å arbeide med turisme vere miljøforkjempar, kulturminnevernar, musikar, industrieigar eller liknande, som kan medføre andre tankar om tematikken industri, kultur og natur enn det ein har gjennom si profesjonelle rolle.

I mine intervju har eg brukt ein semistrukturert intervjumetode med tema.<sup>62</sup> Dette fordi målet var å unngå å styre deltakarane mot eit spesielt svar. På ein annan side begynte alle intervju med å snakke om tematikken for masteren, og med å underskrive eit samtykkeskjema med

---

<sup>57</sup> Sjå vedlegg 1 for fullstendig liste

<sup>58</sup>Feltarbeidet blei meldt inn til same institusjon. "Norsk senter for forskningsdata," 04.02.2018. <http://www.nsd.uib.no/>.

<sup>59</sup> Samtykkeskjema ligg vedlagt.

<sup>60</sup> Ann Gray, *Research Practice for Cultural Studies*, (London2003)04.02.2018. <http://methods.sagepub.com/book/research-practice-for-cultural-studies>. Chapter 4.

<sup>61</sup> Winther Jørgensen og Phillips, *Diskursanalyse som teori og metode*, 56.

<sup>62</sup> Ibid., 127.

temaliste. Intervjua var då ikkje like «naturleg førekommande» som ein observert kvardagsamtale eller liknande, og det er mogleg at temalista farga deltakarane sine svar, men eg meiner det er lite truleg at dette hadde ein stor effekt.

Mitt hovudspørsmål som eg stilte i dei fleste intervjua, var «kva ynskjer du at turistane skal sitte igjen med etter eit besøk i Odda»<sup>63</sup> Dette spørsmålet valte eg for å unngå direkte å spørje «kva Odda presenterer du til turistane», men heller finne ut kva hovudfokus aktøren hadde i sin formidling. Det er kanskje eit meir innbydande spørsmål enn «korleis presenterast Odda til turistane».<sup>64</sup> Etter dette spørsmålet stilte eg litt ulike oppfølgingsspørsmål alt etter svaret på det fyrste, slik at alle intervjua til slutt var innom tematikken presentasjon av industri, kultur og natur. Desse tre var nøkkeltema eg skulle innom på alle intervjua, og som sekundærtema hadde eg spørsmål om korleis dei arbeidde med presentasjonane lokalt, om det var samarbeid mellom ulike aktørar og etter kva retningslinjer dei arbeidde ut i frå. I tillegg stilte eg spørsmål om dei hadde ulike presentasjonar til ulike grupper (som utanlandske turistar, norske turistar eller lokale hardingar) og spørsmål knytt til det praktiske rundt deira enkelte presentasjonar.

Eg har samla skriftleg materiale og internettsider for å få innsikt i presentasjonen av Odda gjennom internett, utstillingar og brosjyrar. Då eg har besøkt internettsider ved ulike tider, vil eg skrive litt ulike tidspunkt for same nettsida i fotnotane, då for å sikre at tidspunktet eg siterer frå er rett. Enkelte av nettsidene vil og ha ulik framstilling etter om det skjer i eller utanføre sesongen. Eg har fokusert på dei ulike «visit» sidene, lokalt og nasjonalt og sidene til aktørane lokalt.<sup>65</sup> Desse internettsidene er store, og eg har fokusert på det som nettsidene sjølv fokuserer på, det vil seie framsida og det som lenkast derifrå. Det å gå gjennom fleirfaldige nyhendeartiklar på NVIM.no er til dømes ikkje mogleg innafør rammene til denne oppgåva.

Brosjyrane eg har sett på er samla i Odda, på stader der ein har brosjyrar, det vil seie NVIM i Tyssedal, Trolltunga active sitt kontor i Skjeggedal og Turistinformasjonen i Odda sentrum.<sup>66</sup> Fleire av brosjyrane var fleire stader. I tillegg fekk eg hardangerguiden for 2018 av reisemål Hardangerfjord i Norheimsund. Utstillingane eg har sett på, er lokalt i Odda. Desse kan variere frå større utstillingar på NVIM til enkeltskilt med eit spesielt tema, som til dømes eit

---

<sup>63</sup> Mitt fyrste intervju hendte i Juli 2017, når eg ikkje hadde satt eit hovudspørsmål.

<sup>64</sup> Eva Fägerborg, "Intervjuer," i *Emnologiskt fältarbete*, red. Lars Kaijser og Magnus Öhlander (Stockholm: Studentlitteratur, 2011), 100.

<sup>65</sup> Sjå vedlegg 1 for fullstendig liste

<sup>66</sup> Sjå vedlegg 1 for fullstendig liste

skilt kalla «velkommen til Odda», eit infoskilt plassert fleire stader i kommunen. Ei fullstendig liste over materiale ligg som vedlegg 1.

Dette er materiale som i hovudsak er produsert av dei største aktørane i området, men i tillegg vil fleire små aktørar drive med formidling, som til dømes ulike butikkar og liknande som rettar reklame mot turistar. Desse er mindre, men og relevante som delar av den større forteljinga om Odda.

Etter at eg har samla alt materialet, har eg analysert det diskursivt. I praksis går det ut på å lese og sjå på det og kategorisera det, til dømes å leite etter gjentakande tema, kontrastar, «kraftige» ord, moglege motsetningar og liknande. Bilete har i stor grad blitt analysert på same måte, ved å leite etter tematikk, gjentakingar fokus og liknande. Eg har og prøvd å sjå korleis dei ulike framstillingane er delar av ein heilskap, eit skilt er ein del av eit miljø, undernettsider er ein del av eit større domene, og så vidare. Bakgrunnsinformasjon om produksjon av dei ulike presentasjonane har eg i stor grad frå presentasjonane sjølve, samt frå mine intervju.

Alt materiale er ikkje like grundig analysert, dette er fordi dei ikkje i like stor grad som anna materiale belyser tematikken industri, kultur og natur. Det kan vere mange grunnar til dette, til dømes er enkelte av utstillingane på NVIM ganske tekniske, og har lite informasjon om natur og kultur, eller så er det naturområder som har lite med kultur og industri å gjere. Alle presentasjonar kan ikkje presentere alle sider av Odda, med mindre det er direkte relevant. I min analyse gjer eg då heller ikkje poeng av kva som ikkje presenterast på den enkelte presentasjonen, med mindre det er ein presentasjon som skal gi ei brei innføring, slik som i «Hardanger ferietips 2018» som viser ferietips i heile Hardanger.

## Omgrep

### Arv

Når ein snakkar om naturarv og kulturarv er det «arv» som er det som bind saman dei to. På engelsk er «arv» «heritage», og ein kan snakke om «heritage studies», ikkje berre «cultural heritage studies». På norsk snakkar ein hovudsakleg om kulturarv og naturarv, men og her snakkar me om verdsarv, ikkje verdiskulturarv og verdsnaturarv. «Heritage» som omgrep oppstod fyrst gjennom Haag-konvensjonen i 1954.<sup>67</sup> Sidan har dette omgrepet spreidd om seg, tidlegare snakka ein om minne, altså kulturminne og naturminne, og endå tidlegare om

---

<sup>67</sup> Anne Eriksen, *From antiquities to heritage : transformations of cultural memory*, vol. 1, Time and the world, Interdisciplinary studies in cultural transformations (New York: Berghahn, 2014), 137.

fortidsminne. Disse omgrepa er framleis i bruk, men i tillegg til «arv». I Noreg har kulturarvomgrepet spreidd seg sida 1990-åra.<sup>68</sup> I dag er kulturarv eit omgrep som brukast i fleire ulike former i samfunnet, om alt i frå religion, mat, veier og liknande.<sup>69</sup> Mykje meir enn berre faste minnesmerke, bygningar eller område, som verdsarvkonvensjonen ser det som.

Verdsarvkonvensjonen definerer både kultur og naturarv som to ulike omgrep, men definisjonane har tydelege likskapar.. Dette er definisjonen frå verdsarvkonvensjonen artikkel 1 og 2:

*Med "kulturarv" menes i denne konvensjonen:*

**minnesmerker:** arkitektoniske arbeider, monumentale skulpturer og malerier, arkeologisk elementer eller konstruksjoner, innskrifter, huleboliger og sammenstillinger av kulturminner av fremragende universell verdi sett fra et historisk, kunstnerisk eller vitenskapelig synspunkt,

**bygninger:** grupper av frittstående eller sammenbygde bygninger som på grunn av sin arkitektur, homogenitet eller beliggenhet i landskapet, er av fremragende universell verdi sett fra et historisk, kunstnerisk eller vitenskapelig synspunkt,

**steder/områder:** anlegg utført av mennesker, eller av mennesker og natur i fellesskap, og områder som omfatter arkeologiske utgravinger og som er av fremragende universell verdi sett fra et historisk, estetisk, etnologisk eller antropologisk synspunkt.

*Med "naturarv" menes i denne konvensjonen:*

**naturlige særpreg** som fysiske og biologiske formasjoner eller grupper av slike formasjoner, som er av fremragende universell verdi sett fra et estetisk eller vitenskapelig synspunkt,

**geologiske og fysiografiske formasjoner** og klart avgrensede områder som er tilholdssted for truede arter av dyr eller planter av fremragende universell verdi sett fra et vitenskapelig eller bevaringssynspunkt,

**naturområder** eller klart avgrensede arealer av fremragende universell verdi sett fra et vitenskapelig eller bevaringssynspunkt, eller på grunn av sin naturlige skjønnhet.<sup>70</sup>

---

<sup>68</sup> Arne Lie Christensen, *Kunsten å bevare : om kulturminnevern og fortidsinteresse i Norge* (Oslo: Pax, 2011), 192.

<sup>69</sup> Eriksen, "Kulturarv og kulturarvinger".

<sup>70</sup> UNESCO, "Konvensjon om vern av verdens kultur- og naturarv - verdensarvkonvensjonen," (1972)22.02.2018.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/c68c36e9a588492fb52feb7ae12dbe33/verdensarvkonvensjonen.pdf>.

Denne definisjonen brukar eg fordi han tidlegare var aktuell i Odda i samband med verdsarvdebatten. Den er ein normativ definisjon, og han kan oppfattast som ganske rigid. Owe Ronström meiner at han lager eit Linneisk system, lik det ein kjenner frå biologien, der ein plasserer artar inn i ordenar og familiar.<sup>71</sup> Denne ordninga er sosialt konstruert, og det same er definisjonen. Ronström seier at verdsarvtanken kom fyrst med romferdene på sekstitalet, då «arven» blei utvida frå nasjonar og statar til menneskeheita og kloden som eit større fellesskap.<sup>72</sup> Når verda blir delt opp i planetar og galaksar er det enklare å sjå jorda som eit samla fellesskap enn når verda sjås som eit lappeteppe av statar og nasjonar. Tanken om universell verdi kjem med dette, noko som har verdi for heile universet, men som i praksis betyr verdi for menneskeheita.

Denne definisjonen av verdsarv er materiell, det vil seie at han definerer stader og ting som kulturarv, sosiale praksisar og prosessar er ikkje med i denne definisjonen. UNESCO skreiv i 2003 ein konvensjon for å ivareta immateriell kulturarv. Denne tar opp praksisar meir enn stader, som ein dansetradisjon, mat og liknande.<sup>73</sup> I Hardanger er det mange praksisar som kjem under fanen immateriell kulturarv (men ikkje nødvendigvis immateriell verdsarv), bunadstradisjonen er eit døme på dette, men kanskje og tradisjonane i arbeidarrørsla i Odda?

Verdsarvkonvensjonen er kritisert fordi det skaper ein hierarki av arv.<sup>74</sup> Ein stad kan ha nasjonal verdi, men ikkje universell verdi. Hardangervidda er til dømes verna som ein nasjonalpark, og har nasjonal verdi, men ikkje nødvendigvis universell verdi. Dette hierarkiet går i fleire nivå som kan overlappe, som lokal verdi, kommunal verdi, regional verdi, europeisk verdi, og kan og ha verdi for grupper som ikkje definerast geografisk, som «arbeidarar», «naturvernarar» og liknande.

Utifrå eit diskursanalytisk utgangspunkt vil dette vere ein av mange ulike måtar å definere arv, ikkje bare systemet som ligg i verdsarvkonvensjonen. Laura Jane Smith skriv om «authorised heritage discourse» og at Verdsarvkonvensjonen definerer arv ut frå eit vestleg utgangspunkt.<sup>75</sup> Kanskje er ikkje arv faste objekt, men ein serie diskursive praksisar. Arv er ein måte å kategorisere og ordna verda på, og sjølve kategoriseringa kan såleis endra seg over

---

<sup>71</sup> Owe Ronström, "Hva verdensarv er - og gjør," i *Når industrisamfunnet blir verdensarv*, red. Hans-Jakob Ågotnes (Oslo: Scandinavian Academic Press, 2014), 25.

<sup>72</sup> Ibid., 27.

<sup>73</sup> Rodney Harrison, *Heritage : critical approaches* (London: Routledge, 2013), 115.

<sup>74</sup> Ibid., 64.

<sup>75</sup> Ibid., 111.

tid. I 1918 var det ingen som tenkte på industristaden som kulturarv (eller fortidsminne), men 100 år seinare er det kulturarv, og industristaden er verna. Når Riksantikvaren no har Odda og Tyssedal sitt bevaringsprogram er dette nettopp eit døme på ein endring av diskursen. Når Riksantikvaren fyrst skreiv om industriell kulturarv av nasjonal verd i 1994 var Smelteverket ikkje med, men kraftverket i Tyssedal var det.<sup>76</sup> Smelteverket har seinare gått konkurs, og har til ein viss grad forfalle, men bygningane er i stor grad dei same, om noko er dei mindre autentiske i dag enn for 24 år sida. No er arbeidarar, utstyr og andre delar av industrien borte.

Eg skriv om kulturarv, men vil og bruke omgrepet kulturminne. Tysso I kraftstasjon er freda som eit kulturminne etter kulturminneloven. Eit kulturminne er «*alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.*»<sup>77</sup> Denne definisjonen legg ikkje inn ei verdivurdering slik verdsarvdefinisjonen gjer det, men lova set nokre kategoriar som verneverdige- eller automatisk freda kulturminner. Kulturminneomgrepet blir til tider brukt synonymt med kulturarv, men kulturminne er eit meir institusjonalisert omgrep, brukt i forvaltninga.<sup>78</sup> Det er ingen kulturarvslov i Noreg, anna enn at kulturminnelova har som føremål å verna kulturminne som delar av vår kulturarv, kulturarv er då kanskje sett som ein større nasjonal heilskap enn kulturminne.<sup>79</sup> Eg vil til ein viss grad bruke begge omgrepa, alt etter kva samanheng eg diskuterer kulturarven. Når eg skriv om freding vil det vere som kulturminne. Begge omgrepa inneberer eit nivå av eigarskap, eit subjekt som «eige» eller «minnes» kulturminnet eller kulturarven, den er vår, deira eller nokon andre sin. Arne Lie Christensen meiner at «levning» vil vere eit meir verdinøytralt omgrep.<sup>80</sup>

### **Industriell kulturarv**

Industriell kulturarv, eller industriarv, er ei undergruppe av kulturarv. Industriell kulturarv er frå tidlegare industriell verksemd.<sup>81</sup> The International Committee for the Conservation of Industrial Heritage definerer industriarv som:

---

<sup>76</sup> Grete Jarmund og Riksantikvaren, *Verneplan for tekniske og industrielle kulturminner*, vol. nr 23-1994, Riksantikvarens rapporter (trykt utg.) (Oslo: Riksantikvaren, 1994), 83.

<sup>77</sup> Klima- og miljødepartementet, "Kulturminneloven", *Lov om kulturminner av 09.Juni 1978*05.2018. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50>.

<sup>78</sup> Eriksen, "Kulturarv og kulturarvinger". 477.

<sup>79</sup> Klima- og miljødepartementet, "Kulturminneloven". §1.

<sup>80</sup> Christensen, *Kunsten å bevare : om kulturminnevern og fortidsinteresse i Norge*, 13.

<sup>81</sup> Philip Feifan Xie, *Industrial heritage tourism*, vol. 43, Tourism and cultural change (Bristol: Channel View Publications, 2015), 1.

*“Industrial heritage consists of the remains of industrial culture which are of historical, technological, social, architectural or scientific value. These remains consist of buildings and machinery, workshops, mills and factories, mines and sites for processing and refining, warehouses and stores, places where energy is generated, transmitted and used, transport and all its infrastructure, as well as places used for social activities related to industry such as housing, religious worship or education.”<sup>82</sup>*

Denne lista er bortimot lik den for generell kulturarv, bortsett frå at ein snakkar om industrikultur og spesifikt om «remains», eller levning. Det gjer at ein kan spørje om industriarven må vere ute av drift for å kunne vere industriell kulturarv, er anlegg i drift ein levning? Er Boliden Odda industriell kulturarv på lik linje med Odda smelteverk? Boliden er nesten like gammal som smelteverket, men er framleis i drift. Det er ingen freding, men dette er kanskje grunna at det er drift, då ei vanleg freding hindrar større endringar på eit anlegg utan dispensasjon.<sup>83</sup> TICCIH sin definisjon er ganske brei, det vil seie at han dreg inn meir enn sjølve produksjonslinja, her er hus, kyrkjer og undervisningsbygg industriarv. Heile Odda og Tyssedal sentrum er etter den breiaste definisjonen industriarv. Industriarv handlar og, som vanleg kulturarv, om sosiale prosessar, sjølv om og denne definisjonen bare har med den materielle delen av kulturarven. Eit anlegg som er verna utan å vere i bruk vil ikkje presentere eit fullstendig bilete av industrihistoria. Dette er ein av grunna til at riksantikvaren anbefalar vern gjennom bruk.<sup>84</sup>

Industriell kulturarv er ikkje per definisjon annleis enn anna kulturarv. Det er same reglar for bevaring og drift av alle faste kulturminner, dei kan vere like interessante, eller uinteressante, for turistar og lokale som anna kulturarv. Det som gjer industriarven annleis er måten han blei skapt på, gjennom industriell verksemd. Industri er eit veldig mangesidig felt. Ein enkelt kraftstasjon brukt til privathushald i Jondal er i like stor grad industriarv som heile Odda-Tyssedal, men vil opplevast annleis av lokale og besøkande.

## **Naturarv**

Naturarv er den andre delen i min trio av omgrep. Medan kulturarven blir forvalta på nasjonalt plan av Riksantikvaren, er det Miljødirektoratet som forvaltar naturarven. Begge

---

<sup>82</sup> TICCIH, "The Nizhny Tagil Charter For The Industrial Heritage ", (2003)26.02.2018.

<http://ticcih.org/about/charter/>.

<sup>83</sup> Klima- og miljødepartementet, "Kulturminneloven ". §15.

<sup>84</sup> Marcus Binney, Francis Machin, og Kenneth Powell, *Bright future : the re-use of industrial buildings* (London: SAVE Britain's Heritage, 1990), 22.



desse ligg under Klima- og Miljødepartementet, noko som gjer at kulturarv, naturarv og industriarv ligg alle under same departement og minister.

Naturarv er sett som eit stort og kraftfullt omgrep, i følgje praktboka «Norsk Naturarv Våre naturverdier i internasjonalt lys»<sup>85</sup> Naturarven er den urørte naturen, naturdokument frå fortida, dyre- og plantelivet.<sup>86</sup> «Naturarven møter kulturarven i kulturlandskapet...*Det gamle mosaikkformete jordbrukslandskapet formet av enkle driftsformer gjennom fleire hundre års bondekultur.*»<sup>87</sup> I følgje same bok er naturarven mindre populær i Noreg enn kulturarven, og dei spør «klarar vi å verdsette naturarven på lik linje med kulturarven?»<sup>88</sup> I dag kan eg vanskeleg sjå at naturen ikkje blir sett pris på, i alle fall ikkje i reiselivsnorge, der dei fleste turistar besøker Noreg for naturen sin del.<sup>89</sup> Likevel kan ein sjå i UNESCO-samanheng at Noreg har ein naturarvstad, eit kulturlandskap(kombinert natur- og kulturarv) og seks kulturarvstader. Der Vestnorsk fjordlandskap var då ikkje på lista då «Norsk naturarv» kom ut. Dermed er kanskje ikkje «naturarv» nødvendigvis like verdsett som kulturarv? Når 17.1% av Noreg sitt landareal er verna etter naturvernomsyn er det likevel tydeleg at «natur» er ein verdsett del av Noreg.<sup>90</sup>

Natur og naturarv er omgrep som brukast på mange ulike måtar. Sjølv om lov og politikk definerer natur på ein måte er natur i alminneleg bruk ikkje nødvendigvis det same. Mange forskarar, blant dei Bruno Latour vil meine at «Natur» ikkje finnest, men at førestillinga om natur vil variere gjennom ulike tider og kulturar.<sup>91</sup> Likevel er natur noko som i praksis er i bruk, både i vitskap, politikk og daglegtale. Naturen er noko som «er», og noko som «gjer» i daglegtale. Når Reiselivsmeldinga drøftar verdsarv seier den at den kan vere

*«et monument, et bygningsmiljø, et kulturlandskap eller et naturområde, skapt av naturen alene eller av mennesker og natur i fellesskap.»<sup>92</sup>*

---

<sup>85</sup> Sigmund Hågvær og Berntsen Bredo, red. *Norsk naturarv : våre naturverdier i internasjonalt lys* (Oslo: Andresen & Butenschøn, 2001).

<sup>86</sup> Ibid., 11.

<sup>87</sup> Ibid., 13.

<sup>88</sup> Ibid.

<sup>89</sup> Nærings- og fiskeridepartementet, *Opplev Norge – unikt og eventyrlig*, 12.

<sup>90</sup> Statistisk sentralbyrå, "Vernede områder," (2017)01.03.2018. <https://www.ssb.no/arealvern>.

<sup>91</sup> Bruno Latour og Catherine Porter, *Politics of nature : how to bring the sciences into democracy*, (Cambridge, Mass.: Harvard University Press, 2004). 32.

<sup>92</sup> Nærings- og fiskeridepartementet, *Opplev Norge – unikt og eventyrlig*, 46.

Naturen er i meldinga ein aktør som sjølv skapar naturarven på lik linje med menneske. Naturarven er ikkje definert, konstruert og skapt av menneske, men av naturen sjølv.

Kva er skilnaden på natur og naturarv? Når ein snakkar om naturarv snakkar ein om fortida, arv har ein avsendar og ein mottakar. Kulturarven har me arva av tidlegare menneske, naturarven har me arva frå...? Om du ser på dette diskursivt er naturarven og arva frå tidlegare menneske, fossane i Noreg er eksplisitt arva fordi våre forfedre ikkje har bygd dei ut, som Opo. Når ein snakkar om urørt natur er prinsippet det same, han er berre urørt fordi folk har valt å ikkje røre han.

### **Natur og kultur**

Rodney Harrison har forska på arv og meiner at naturarv og kulturarv er kunstig skilt. Han peikar på innfødde kulturar i Australia, der kultur og natur er meir samansveisa, og ikkje mogleg å skilje på ein tydeleg måte.<sup>93</sup> For eit slikt folk som lever tett på naturen er naturarv og kulturarv to sider av same sak.<sup>94</sup> Når Uluru i Australia skulle inn på lista i 1986 kom han inn som naturarv, fyrst seinare har han endra til ein kombinert kultur- og naturarv-stad.<sup>95</sup> Dette synet var då ikkje tidlegare ein del av den autoriserte diskursen.

Eg meiner at dette skiljet mellom kulturarv-naturarv er å finne igjen i skiljet mellom kultur-natur. Der kultur og natur er motsetningar. I dagleglivet er det eit tydeleg skilje mellom kultur og natur. Når eg drar ut i Nordmarka på skitur seier eg at eg skal ut i naturen, sjølv om eg skal gå på ei veldig menneskeskapt skiløype i eit skoglandskap med tømmerdrift. Det same kan ein finne i Odda og andre industristader. Når turistar drar til Niagara-fallene i Canada er dei sjeldan innom industristaden, og det er eit tydeleg skilje mellom turiststaden (naturen) og industristaden (kulturen).<sup>96</sup> Det er ikkje nødvendigvis slik at alle besøkande tenker på det som kultur versus natur, men det er framleis eit skilje mellom å besøke det menneskeskapte og det naturskapte. Dette skiljet arbeider eg vidare med i min analyse.

---

<sup>93</sup> Harrison, *Heritage : critical approaches*, 208.

<sup>94</sup> Herdis Hølleland og Jessica Phelps, "Becoming a conservation 'good power': Norway's early World Heritage history," *International Journal of Cultural Policy*(2018)13.02.2018.  
<http://www.tandfonline.com/doi/full/10.1080/10286632.2018.1431223?scroll=top&needAccess=true>.

<sup>95</sup> Harrison, *Heritage : critical approaches*, 122.

<sup>96</sup> Alice Mah, *Industrial ruination, community, and place : landscapes and legacies of urban decline*, 2 utg. (Toronto: University of Toronto Press, 2012), 43.

Dette binære skiljet i daglegtale er kritisert i moderne vitskapsteori av fleire til dømes av Bruno Latour og Kristin Asdal.<sup>97</sup> Asdal utforske korleis ein «naturheilskap» blei skapt i etterkrigstida i samband med ein prosess for å skape eit miljøvern som gjaldt heile naturen, og ikkje berre enkeltdelar, som det kanskje gjaldt meir før. Er all natur kultur? På grunn av at naturen er definert og «skapt» av menneske? Eller er kultur og natur begge problematiske omgrep? Eg vil meine at kulturen(menneske) er avhengig av noko «ikkje menneskeleg», altså naturen, for å «skape» kultur, og at dagens natur er forma av menneske. Fleire forskarar meiner at jorda er inne i ein ny geologisk periode, Antropocen, på grunn av påverknad frå menneske.<sup>98</sup>

### **Turisten, blikket og landskapet**

Michael Foucault har etablert omgrepet «gaze» som eit verkemiddel i diskursive maktrelasjonar.<sup>99</sup> Gaze er eit blikk, og eit blikk med makt kan styre kva andre ser. Som når ein lege styrer kva pasienten ser, og har det autorative blikket. Dette omgrepet er konvertert til turiststudiar av John Urry, «the tourist gaze», turistblikket, der turguiden er den som styrer turistane sitt blikk og tankesett. Turistane kan på same måte styrast av museum, reisebyrå eller andre i turistbransjen for å få eit bestemt inntrykk av ein plass, sjølv om turistane strengt tatt sjølv avgjer kva han vil sjå på, og kor han vil vere. Urry meiner at turistar leiter etter det uvanlege, det som er annleis enn det dei kjenner, og at turistindustrien er med på å gjere turisme til ein «signposted experience» og «spectaclization of place»<sup>100</sup> Det vil seie at turistbransjen aktivt skapar turistopplevinga og reisemålet, meir enn at reisemålet skapar seg sjølv. Turistbransjen legg då berre til rette for ein autentisk oppleving. Kritikarar mot Urry peiker på at det å snakke om turistblikket blir for smalt, sida turistar brukar alle sansar, ikkje berre blikket, og at det kan vere betre og snakka om «performance», utføring. Når ein kallar det ein utføring får det og konsekvens sidan det gjer at turistane og får ein aktiv part. Turisten som utfører reisemålet er og med på å skape og transformere det, ein turist er ikkje ein passiv aktør som flyttast rundt av turistbransjen, men er sjølv aktivt med på å skape og endre reisemålet. Dette er og med på å skape og endra diskursen. Reiselivsbransjen arbeider aktivt

---

<sup>97</sup> Kristin Asdal, "Enacting Things through Numbers: Taking Nature into Account/ing," *Geoforum* 39(2008)09.05.2018. <https://www.sciencedirect.com/science/article/pii/S001671850600176X?via%3Dihub>.

<sup>98</sup> Svensen Henrik Hovland, Eriksen Thomas Hylland, og Hessen Dag O., "En røff guide til antropocen," *Nytt Norsk Tidsskrift*, no. 01-02 (2016)01.02.2018.

[https://www.idunn.no/file/pdf/66862819/en\\_roeff\\_guide\\_til\\_antropocen.pdf](https://www.idunn.no/file/pdf/66862819/en_roeff_guide_til_antropocen.pdf).

<sup>99</sup> Daniel C. Knudsen og Meeting Association of American Geographers, *Landscape, tourism, and meaning*, New directions in tourism analysis (Aldershot: Ashgate, 2008), 2.

<sup>100</sup> Ibid., 3.

med å presentere Odda, men turistane blir og ein del av denne presentasjonen, og kvar turist vil ha ulike tankar om Odda etter at han har dratt frå staden, alt etter kva utgangspunkt dei hadde og kva dei valte å sjå. Likevel er opplevingane til ulike menneske ofte i stor grad like, sjølv om alle turistane har sin eigen subjektive oppleving.

Turisme kan sjåast som ein diskurs skapt mellom tre ulike aktørar, 1. Turistar. 2. Lokale. 3 Mellommenn(Turistbransjen).<sup>101</sup> Turistlandskapet blir skapt og forma i samspill mellom desse tre. Landskap er ikkje berre «naturlandskap» men det er eit område som utgjer ein einskap. Eg meiner at turistbransjen er dei med størst makt i denne relasjonen, men dei er avhengig av dei andre gruppene. Dette er sjølv sagt noko som kan ha ein samanheng med at min studie fyrst og fremst gjeld turistbransjen, hadde eg fokusert på ein anna gruppe kunne eg fått eit anna inntrykk. Lokale og turistar har og mykje makt i relasjonen. Då Odda var i søknadsprosessen for UNESCO-status var dette ynskja av store delar av turistbransjen, men blei stoppa etter motstand frå innbyggjarar og grupper av innbyggjarar lokalt i kommunen. Altså at Turistbransjen meinte at Odda var og burde vere verdsarv, medan mange lokalt meinte at han ikkje var det, og ikkje burde vere det. Det var ein antagonisme lokalt som enda med at Odda vart definert som ikkje-verdsarv.

---

<sup>101</sup> Ibid., 4.

## 3 Kva er turistane sitt Odda?

### Innleiing

Eg kom til Odda ein julidag i 2017, der han ligg mellom fjord, dal og fjell. Byen ligg med naturen som evig ramme rundt alt, sjølve livsgrunnlaget for staden ved fjorden, Industrien og busetnaden ligg i botn, framleis veldig synlege, trass i nokre nedleggingar. Odda pulserar av liv, i handlegata og ned mot fjorden er det mange turistar som førebur seg på å dra på tur. Det heng mange bilete her, hovudsakleg naturbilete, men og eit og anna industribilete. Oppe på smelteverkstomta er det kafé og vitensenter, elles er det lite aktivitet. Utover fjorden i Tyssedal er det framleis fullt av folk. Oppover Skjeggedal mot Trolltunga er det bilar parkert kor enn det er mogleg, øvst i Skjeggedal blir du møtt av ein middels stor parkeringsplass og mange folk, desse er på veg opp eller ned frå Trolltunga. Det er mange skilt som viser vegen og som åtvarar om å vere førebudd på til langtur. Her er og industrien tydeleg, med den store Ringedalsdammen, og to kraftverk. Industrien var og tydeleg nede i Tyssedal, der eit peltonturbinhjul er plassert attmed avkøyringa frå riksveg 13. Turen går oppover mot Trolltunga, fyrst opp ein godt tilrettelagt tursti med fleire innlagte steintrappetrinn, så bortover stien fleire hundre meter over Ringedalsvatnet, det er folk på stien heile vegen. Til sist er Trolltunga der, men besøkande må nok rekne med å stå i kø ei god stund før dei kan ta biletet på tuppen. Opplevinga av å stå ytst på kanten er total, der ein ser utover fjellområda i Odda og delvis fjellområde i nabokommunane.



*1 Turbinhjul i Tyssedal Foto: Norsk Vassdrags- og industristadmuseum*

Korleis blir Odda presentert av turistbransjen, og kva har hendt i Odda som skapar dette biletet? Kva historie, natur og nåtid er det som blir presentert? Korleis blei Trolltunga ein så stor attraksjon som det er i dag?

Odda er ein stad som turistane får eit ganske bestemt bilete av frå turistbransjen, eit bilete som er skapt med medvit og opparbeidde gjennom fleire år. Det er mange ting som skapar dette biletet. Odda slik det ser ut i Odda, og biletet du kan få av Odda på nett og brosjyrar kan vere noko ulikt. Noko av dette er reint praktisk, matbutikk og bensinstasjon er til dømes ikkje ein del av den føregåande turistpresentasjonen, men er ein del av ein heilskapleg oppleving.

Det som då er interessant er å sjå kva som havnar i denne kategorien, kva som er ein attraksjon og kva som ikkje er det.

Odda er ein stad som i hovudsak reint fysisk er definert av fjord og fjell, og er avgrensa av vatnet si reise frå fjell til fjord. Kommunegrensene går cirka frå vasskiljet på fjellet og følger vatnet ned til Sørfjorden, enten via Tysso, Opo eller ein mindre bekk. I tillegg er Røldal med, Røldalsvatnet renn ned til Suldal, og var fram til 1848 ein del av Rogaland. Tysso er eit regulert vassdrag i fleire nivå, medan Opo er uregulert utanom nokre småkraft lenger oppe i vassdraget over Skare. Skare er ei lita bygd mellom Røldal og Odda.<sup>102</sup>

## Naturen er ramme

Skiltet «Velkommen til Odda kommune», eit infoskilt som er plassert fleire stader i kommunen, presenterer Odda som staden mellom to nasjonalparkar der *«isen har forma det storslagne landskapet med høge fjell, fruktbare dalar og djupe fjordar»*<sup>103</sup> Eg har allereie vore innom denne historia, men ynskjer å gå litt vidare på han. Grunnen til at dette er viktig er ikkje nødvendigvis for alt det som er skrive om Odda, men korleis Odda er presentert via bilete. Odda er ein stad i naturen, meir enn ein stad med natur i seg. Nesten uansett kva som blir presentert er naturen eit tydeleg rammeverk. Dette er delvis fordi naturen har skapt ei tydeleg ramme rundt Odda, staden mellom fjord og fjell, men og fordi denne ramma er sett på som vakker. Om me ser på Visitodda



2 Velkommen til Odda kommune Foto: Kristian Valen

sine nettsider, men og i brosjyren Hardangerfjordguiden, ser me at naturen er rammeverket, og at det er «natur» og i bilete som ikkje er av reine naturobjekt, som museum, hotell eller industri.. Bilete av Tysso I er til dømes som oftast vist med tydeleg ramme, til tider tar fjorden opp meir plass enn hovudmotivet, spesielt kan eg trekke fram framsida av Visitodda.com.<sup>104</sup> Dette rammeverket signaliserer fokus, og eg kjem tilbake til dette om litt.

<sup>102</sup> Sjå kart i vedlegg 2.

<sup>103</sup> «Velkommen til Odda kommune», infoskilt

<sup>104</sup> Visitodda.com 24.03.2018 <https://www.hardangerfjord.com/odda/>

Naturen rundt Odda er skapt av isbrear i løpet av mange tusen år. Fjord Norge, destinasjonselskapet for dei fire vestlandsfylka skriv at:

*«Fjordene er blitt dannet ved at gigantiske isbretunger gjennom flere istider har formet landskapet. En fjord er således et U-formet undersjøisk dalføre, og på Vestlandet er denne dalen ofte omkranset av et dramatisk fjellandskap...»<sup>105</sup>*

Du får dermed eit U-forma dalføre, som ein kan sjå tydeleg i Odda, som ligg på fjordbotn av Sørfjorden. Fjord er eit norsk ord, som er spreidd til mange andre språk, blant anna engelsk. Det er uvanleg med fjordlandskap i andre verdsdelar, men det finnes fjordar på Skottland, Grønland, Canada og USA samt på New Zealand.<sup>106</sup> Det at det er det norske ordet som er overført og brukt i Engelsk har kanskje gjort at denne geologiske landforma er sett på som ganske unik for Noreg. Når ein søker på «Welcome to Scotland», ein turistportal for Skottland, finn ein berre 2 artiklar som nemner «fjord» trass i at det er fleire «fjordar» i Skottland.<sup>107</sup> I Skottland går fjord snarare under namnet «sea loch».<sup>108</sup> Fjord er dermed eit internasjonalt ord brukt mest i kontekst av norske fjordar. Det at fjordane er viktig for norsk turisme kan ikkje underslåast, i 2015 reiste 62% av turistane i Noreg for å «oppleve fjordene» i følgje innovasjon Norge sin turistundersøkelse.<sup>109</sup> Eg skal ikkje trekkje vekk det unike ved fjord, og særleg ikkje fjordane på vestlandet, det norske klima og landskapet gjer at norske fjordar er annleis enn tilsvarende landformar i andre land.

U-forma har gjort at elveleier ned mot fjorden er særst bratte, som i Tyssedal, og dette er grunnen til at Odda har så mange fossar. Låtefoss er den mest populære turistfossen nå for tida, men i Oddadalen er det fleire. Visitodda trekk i tillegg fram Tjørnadalsfossen, Strandfossen, Vidfoss og Espelandsfossen.<sup>110</sup> Alle desse ligg oppover Oddadalen.

U-forma er særskilt fordi han verker som ei ramme for staden Odda. Fysisk vil Odda frå alle vinklar definerast av dei bratte fjellssidene rundt, enten du kjem frå nord og ser Odda i enden av Sørfjorden, eller du kjem frå sør og ser Odda som byrjinga. Dette gjer Odda som turiststad særskild i forhold til andre stader, som ikkje er ramma inn på same måte. Den set grenser for

---

<sup>105</sup> Fjordnorway.com 01.04.2018 <https://no.fjordnorway.com/bli-inspirert/hva-er-en-fjord>

<sup>106</sup> Bryhni, "Fjord."

<sup>107</sup> "Welcome to Scotland," 11.04.2018.

[http://www.welcometoscotland.com/search?q=fjord&nm\\_search\\_go.x=0&nm\\_search\\_go.y=0](http://www.welcometoscotland.com/search?q=fjord&nm_search_go.x=0&nm_search_go.y=0).

<sup>108</sup> Ibid. <http://www.welcometoscotland.com/about-scotland/wildlife-around-scotland/special-places/sea-lochs>

<sup>109</sup> Nærings- og fiskeridepartementet, *Opplev Norge – unikt og eventyrlig*, 12.

<sup>110</sup> Visitodda.com 02.04.2018 <https://www.hardangerfjord.com/odda/ting-a-gjore/attraksjoner/fosser>



Odda. Busetnaden kan ikkje vere i stupbratte område, og Odda kan ikkje vekse uavgrensa. Men det gjer og moglegheiter, til dømes gjennom vasskraft, men og gjennom den moderne aktivitetsbaserte turismen. Høgfjellet over fjellsidene er ein ressurs. Den naturlege ramma, som kom lenge før kulturen, har forma all diskurs om Odda, men dette diskursive elementet er ikkje i seg sjølve diskursivt skapt. Dette er viktig, og viser viktigheita av å tenke på at diskursen er forma av landskapet, og ikkje bare av menneske. Dette gjer Odda unik, Odda kunne ikkje oppstått andre stader enn i Odda.

Det er nettopp her skillet mellom sosialkonstruksjonisme og sosialkonstruktivisme er viktig, fordi eg meiner at denne fysiske landforma er ein objektiv sanning, altså uavhengig av korleis menneske sosialt konstruerer han. Landforma set fysiske moglegheiter og hindre. Bruksområde, verdisetting og korleis ein kjem over hindringar og nytter moglegheiter er derimot sosialt konstruert.

Då turistbransjen såg fjella i 1880 tenkte dei ikkje på moglegheita for å lage klatreløyper, men då bransjen såg same fjell i 2008, med eit anna blikk, var derimot moglegheitene tydelege. Fjella, og dermed moglegheita for klatreløyper var dei same, medan tenkemåten om fjella er ulik.

Fjella skapar ein ramme rundt staden Odda, men i området som utgjer Odda kommune vil mesteparten av arealet ligge utføre denne ramma. Det ligg oppe på høgfjellet, hovudsakleg på Hardangervidda, men og på Folgefonna. Naturen er det fyrste ein møter når ein kjem til Odda, og er den største delen av Odda, reint fysisk.

## **Kulturen i sentrum**

Etter at eg nærma meg Odda og hadde sett naturen kom eg ned mot dei sentrale områda i Odda og Tyssedal. Eg kjem frå Haugaland, og kjem alltid til Odda frå sør, forbi Sandvinsvatnet. Dette gjer at det er fyrst når eg kjem over kanten etter vatnet at eg ser Odda i all si prakt. Industrien er då noko av det fyrste eg ser, sidan denne har såpass store bygningar. Industriutbygginga kan nok seiast å vere den største transformasjonen Odda har vore gjennom, både i folketal og bygningsmasse auka Odda veldig mykje i den perioden.



## Det store spranget

*Norge opplevde en eventyrlig industrivekst i årene 1896 til 1920. Odda var en del av dette industrielle gjennombruddet. I løpet av få år endret Odda karakter fra bondesamfunn og turistidyll til industrisamfunn. Oddafabrikkene leverte industriprodukter framstilt ved nye elektrokjemiske prosesser til internasjonale markeder.<sup>111</sup>*

Denne teksten er henta frå eit av fleire infoskilt som heng rundt i kring på smelteverkstomta, og som er produsert av NVIM. Odda gjekk frå å vere ein liten stad med under tusen innbyggjarar til fleire tusen på få år. Dette er «det store spranget» slik det heiter i



3 Industrierar og arbeidshender Foto: Kristian Valen

NVIM si utstilling av same namn. Denne utviklinga kom som eit resultat av storkapital og fleire sterke menn. NVIM trekk fram fleire frontfigurar i industrieventyret, deriblant figurar som Sam Eyde og Albert Persson, utfylt av dei likeverdige, men meir anonyme arbeidshendene.<sup>112</sup>

Odda og Tyssedal veks opp som einsidige industristader, slik som fleire andre i same periode. Ein einsidig industristad er ein stad som veks opp rundt eit fåtal industribedrifter, slik det var i Odda og Tyssedal.<sup>113</sup> Samfunnet er heilt definert av dei få industribedriftene, som er den største og nesten einaste næringsvegen.

Dette er, slik som tursthistoria, ein internasjonal historie. Anne Gravdal, som formidlar hjå NVIM, er opptatt av å formidle den internasjonale historia til NVIM, ho fortel:

*«...at dei får augene opp for kva som egentlig skjedde her inne. Kor verdensomspennande det var det her inne i dei djupe fjordane, som mange turistar tenke jo ligge på verdens ende....»<sup>114</sup>*

<sup>111</sup> Industrihistorisk vandring på smelteverket, infoskilt/utstilling

<sup>112</sup> Det store spranget, utstilling

<sup>113</sup> Svein Ivar Angell et al., *Hardanger : ei regionhistorie : Etter 1900*, vol. 3 (Bergen: Fagbokforl., 2015).

<sup>114</sup> Intervju med Anne Gravdal, Norsk Vasskraft- og industristadmuseum

Industriestaden inst i Sjøfjorden, ikkje isolert, men ein del av eit stort internasjonalt handelsnettverk, er eit tema som går igjennom fleire av NVIM sine presentasjonar. Dette gjeld både på museet, på internett og i Odda sentrum. Ein av dei som ofte blir vist fram er Albert Persson, som kom frå ein karbidfabrikk i Alby i Sverige for å bygge ein endå større fabrikk i Odda, verdas største fabrikk i ein periode frå 1914.<sup>115</sup>

Det industrielle Odda er overalt når ein køyrer rundt i Odda og Tyssedal, og mykje av busetnaden stammar frå industritida, med mange bustadar og andre bygg laga av eller for industribedriftene. Fabrikkane i Odda og kraftanlegget i Tyssedal er dei største og mest monumentale. Bygd for å sjåast, NVIM skriv til dømes på Tyssø I kraftstasjon at han vart «rekna som eit av landets vakraste bygg.»<sup>116</sup> Kven som rekna han som dette er ikkje oppgitt. Han er og kjent under namnet «Kraftkatedralen». Kraftstasjonen blei designa av Thorvald Astrup og Victor Norden.<sup>117</sup> Fokuset på arkitekturen er og til stades i Odda, utan at språket og fokuset er like kraftig. Årsaken til dette kan vere den lada debatten som har gått om bevaring av smelteverket. Industrihistoria er og presentert gjennom dei delane som framleis er i drift; Titanverket i Tyssedal, sinkverket på Eittheimsneset, og dei nye kraftverka oppover Skjeggedal. Desse pregar utsikten frå Odda og Tyssedal sentrum, i tillegg til alle arbeidarbustadar, butikkar og andre meir ordinære bygg som og er delar av industriarven i Odda.

I 2003 vart det beslutta å avvikle drifta ved Odda smelteverk, og dette er interessant for den effekt det fekk på arbeidslivet i Odda, og kva for effekt det har fått på turistpresentasjonen. Dette er fordi industrien i Odda som er i ordinær drift ikkje kan sjåast på nært hald av turistane. Sinkverket og titanverket er stengt av sikkerheitsomsyn, det same er kraftverka Oksla og Tyssø II. Både sinkverket og titanverket er over 80 år gamle og er delar av industrihistoria. «Zinken» kan du få info om gjennom ei utstilling i NVIM, men ingenting tilsvarende for Titanverket. Desse er i dag dermed ikkje å rekne som attraksjonar på lik linje med Trolltunga eller Smelteverket, men dei er delar av det totale Odda, og ligg som ei ramme rundt dei andre attraksjonane i kommunen.

---

<sup>115</sup> Industrihistorisk vandring på smelteverket utstilling, , i tillegg «Oddafabrikkene» NVIM.no 06.04.2018 <http://www.nvim.no/odda-si-industrihistorie/category437.html>

<sup>116</sup> Tyssø 1, utstilling

<sup>117</sup> Ibid

## Odda før turismen

Odda si historie før “oppdaginga” på 1800-talet er ein mykje mindre del av forteljinga som blir fortalt til turistane. Denne delen av historia er mindre oppe i dagen, men er likevel ein del av forteljinga om Odda. Det er vanleg å dele samfunnshistoria i Noreg i før og etter industrien, noko ein og kan gjere i Odda og Hardanger. Odda si historie kan og delast i før og etter turismen. Dette er ikkje nødvendigvis eit ekstremt skilje i næringsveg og folketal, men det er eit diskursivt skilje i forteljinga om Odda og Hardanger.

Odda har fleire kulturminne frå denne perioden, og fleire av dei er merka. Desse møter ein fort på biltur gjennom Odda, og dei er fine turmål, bygdeborga ved Sandvin er til dømes ein flott stad å henge si køye, noko eg gjorde ein sumarnatt på feltarbeid. I tillegg til bygdeborg ligg det og ein gamal gravhaug nordvest for Odda sentrum, kalla Kongshaugen.<sup>118</sup> Den har i dei seinare år fått ei infotavle med markering som kulturminne, det same har bygdeborga. Grunnen til at eg har valt å omtale dei her er den klare designen, som ein ikkje finn i andre skilt i kommunen. Det er interessant, for hadde like skilt stått på Lilletopp, i sentrum eller andre stader der det og ligg freda kulturminne hadde det skapt ein kontinuitet frå det førindustrielle til det industrielle. Slik det er no er dei eldste kulturminna meir eller mindre isolert frå den større presentasjonen. Sann som det er i dag er slike eldre kulturminner ikkje like tydeleg som dei meir moderne kulturminna, men dei er framleis til stades.<sup>119</sup>



4 Gravhaug Foto: Kristian Valen

<sup>118</sup> «Gravhaug», infoskilt

<sup>119</sup> Som eit viktig forhold må eg igjen presisere her at eg har sett på det sentrale Odda, ikkje Røldal, og eg har difor ikkje sett på Stavkyrkja der. Fleire av mine intervju poengterte at når dei såg på Odda tenkte dei på heile kommunen, det vil og inkludere stavkyrkja. Stavkyrkja er og ein viktig del av det turistane møter i Odda, og er eit av 32 høgdepunkt i Hardanger. Stavkyrkja er frå mellomalderen og er berømt for krusifikset, som heng der, fordi Jesusfiguren sveitta kvar Jonsok, og denne sveitta hadde lekkjande verknad. Denne var eit viktig pilegrimsmål i Europa, det er framleis pilegrimsvandringar til kyrkja, og eit pilegrimsstevne kvar sumar.

## Vegen mot Trolltunga

Då eg kom til Odda i Juli 2017 drog eg fyrste dagen til NVIM. Her er det ei utstilling kalla «Vegen til Trolltunga» som opna i 2017.<sup>120</sup> Den handlar om dei siste 200 års turisthistorie i Odda og Hardanger, og korleis det har leia opp til dagens situasjon. Når turistane blir guida til Trolltunga er fokuset på historia frå 1850 og fram til i dag, tida som turisthovudstad, industrialiseringa og ein ny turistepoke no.<sup>121</sup> Den same forteljinga er til stades i utstillinga. På 1800-talet var Hardanger framstilt som eit paradys på jord, i utstillinga blir det trekt fram eit sitat frå boka «In the northmen Lands» utgitt i London i 1896.

*No portion of Northern Europe contains more of general interest than the fjords and the fjelds of the Hardanger – that district of the country lying opposite to our eastern shores. Here, through long winding waterways, the holidaymaker is able to feast his eyes on the most glorious scenery of the world, without leaving the steamer which has conveyed him across the North Sea from England.*<sup>122</sup>

Ved hjelp av slike sitat, samt gjenstandar og bilete frå 1800-talet blir me dratt tilbake til ei tid som er både lik og ulik dagens Odda. Dette boksitatet forma dei britiske lesarane sitt inntrykk av Hardanger lenge før dei kom fram, på same måte som visitodda gjer det i dag. Dagens skildringar er ikkje mindre storslagne. Eg vil og trekke fram bruk av ordet «fjelds» framføre «mountains». Eg trur dette er gjort for å framstille norske fjell som annleis enn engelske fjell, og at effekten er lik den eg trur fjord har i dag.

1800-talets Odda er og tydeleg andre stader. I 2015 opna det ein stor fotovandring på smelteverket med foto av den kjente fotografen Knud Knudsen.<sup>123</sup> Her er 7 foto av Knudsen blåst opp i fleire kvadratmeter store bilete som heng ulike stader på smelteverket. Desse bileta viser kulturen i Hardanger på slutten av 1800-talet. Bunad, bygd og natur går igjen. Desse viser eit anna Odda enn det smelteverket kanskje gjer, eit Odda fritt for industriens røyk og mas. Eit bilete er av Odda frå seint 1800-tal, og viser tydeleg kor mykje Odda har utvikla seg sidan. Det er og bilete av bunadskledde hardingar, samt besøkande til Buerbreen. Bunaden trekk linjer til då Hardanger blei sett på som det autentiske Noreg, og linkar tydeleg mot ein romantisert fortid. Infoskiltet viser og til at Hardangerbunad på 1800-talet vart kalla «nasjonalen»<sup>124</sup> Hardanger vart i nasjonalromantikken sett på som det opphavlege i Noreg og

---

<sup>120</sup> «Utstillingsopning» Arrangement på NVIM 11.04.2018

<https://www.facebook.com/events/1343032912418147/>

<sup>121</sup> Intervju med Trolltunga active

<sup>122</sup> «Vegen til Trolltunga», utstilling

<sup>123</sup> «Foto-Knud på Smelteverket» utstilling

<sup>124</sup> Ibid

bunaden som eit framifrå nasjonalt symbol, hotell i Sogn brukte til dømes denne bunaden snarare enn den lokale Sognebunaden for turistane.<sup>125</sup>

I denne nasjonalromantiske forma ligg ein spenning mot ein rasjonalitet.<sup>126</sup> Ein rasjonalisme som vart forma i det moderne prosjektet etter opplysningstida snarare enn i nasjonalromantikken. Denne spenninga ville auke med industrialiseringa. Odda var på denne tida kanskje ein rolig stad, men og ein stad som vaks og trakk til seg fleire folk i løpet av 1800-talet. Innan 1891 var det etablert fem hotell i Odda for å betene den auka turiststraumen.<sup>127</sup> Det største av desse, Hardanger hotell, er framleis i drift i dag, men i eit bygg frå 1963. I Tyssedal kom det i samband

med industriutbygginga og opp eit hotell, Tyssedal hotell, som i dag er ein turistattraksjon mellom anna på grunn av den store biletsamlinga. I fyrste etasje er det utstilt maleri av Nils Bergslien, Christian Krogh og mange fleire kunstnarar frå seint 1800-tal. Desse maleria har motiv både frå natur, kultur og industri. Av særskilt interesse er maleria til Nils Bergslien (som opphavelg var frå Voss og som har malt mange Hardangermotiv). Desse har fleire lokale motiv, deriblant Tyssø og Tyssen (som og er brukt i utstilling i NVIM) og Fossegrimen (ein mytologisk figur som bur i fossen). Fossegrimen er i Bergslien sitt maleri ser lite nøgd ut med at fossen havnar i røyr, og illustrerar spenninga mellom det nasjonalromantiske og det rasjonelle i Hardanger.



5 Fossegrimen av Nils Bergslien Foto: Wikimedia commons

### **Ei ny retning**

Etter at industrien dei siste tiåra ikkje har bruk for så mykje arbeidskraft som tidlegare har Odda blitt nøydd til å utvikla seg. Andre næringar har vakse opp. Turistsektoren har hatt ein kraftig auke dei seinare år. Turismen forsvann ikkje etter industrialiseringa, men fleire av

<sup>125</sup> Svein Ivar Angell et al., *Hardanger : ei regionhistorie : 2 : 1750-1900*, vol. 2 (Bergen: Fagbokforlaget, 2015), 254.

<sup>126</sup> Angell et al., *Hardanger : ei regionhistorie : Etter 1900*, 3, 321.

<sup>127</sup> Angell et al., *Hardanger : ei regionhistorie : 2 : 1750-1900*, 2, 204.



attraksjonane blei lagt i røyr. Keisar Wilhelm av Tyskland besøkte til dømes Tyssedal under kraftutbygginga, og det kom mange turistar til Hardanger og fram til andre verdskrig, men desse var ikkje «industrituristar» men interessert i same naturen som dei var på 1800-talet.

Etter kvart på 1900-talet auka og interessa for industrihistorie og arv. Opprettinga av Odda industristadmuseum og arkiv(no NVIM) i 1989 kan stå som eit godt døme på dette.

Utviklinga fram mot UNESCO avstemminga i 2006 trekkjer og på det same, der identiteten til Odda blei debattert fram og tilbake. Det blei eit spørsmål om innbyggjarane sin rett til å velje og forvalta deira historie.<sup>128</sup> Hadde UNESCO-saken gått andre vegen kunne det fått store konsekvensar for turismen, Owe Ronstrom har studert kva effekt verdsarvstatus har fått i mellomalderbyen Visby, som har blitt gjort meir «anvendeleg» og meir populær for besøkande, men som samtidig har ført til auka bustadpriser og gentrifisering.<sup>129</sup> Same typen effekt kan verdsarvstatus få på naturarv, Herdis Hølleland har studert vulkanområdet Tongariro national park i New Zealand, og sett korleis «verdsarvsregimet» fungerer i lokal styringspraksis, der lokale aktørar føyer seg etter regimet.<sup>130</sup> I mitt intervju med Reisemål Hardangerfjord kom eg inn på same tematikken, og dei meiner at UNESCO-status mest sannsynlig ville gitt Odda:

*...Det er ett stempel som de kunne fått på seg som de valgte å si nei takk til som ville ha gitt: En: Nye ideer og tanker, det ville gitt to: penger fra det offentlige og det ville gitt tre: mer besøk.<sup>131</sup>*

Men UNESCO-saka tok ein anna vending, og Odda har utvikla seg annleis. I 2006 var ikkje Trolltunga spesielt kjent som reisemål foran andre delar av kommunen. Turistane drog til Hardangervidda, Røldal, Følgefonna og liknande stader. Etter kvart kom dette til å endra seg.

I 2009 ynskja reisemål Hardangerfjord å legge om biletet turistane hadde av Hardanger. På det tidspunktet var Hardanger kjent som eit område med frukt og bunad. Det var nødvendig å gjere endringar for å auke Hardanger sin status som reisemål. Hans Jørgen Andersen ved Reisemål Hardangerfjord fortel det slik:

*I 2009 så bestemte vi oss, vi er nødt til å markedsføre Hardanger på en annen måte enn det vi gjør nå, fordi, Hardanger har ca 1.5% av norsk turisme, Norge har ca 1%*

---

<sup>128</sup> Bårtvedt, "Kva skjer når kvardagen blir verdensarv?," 95.

<sup>129</sup> Owe Ronström, "Hva verdensarv er - og gjør," *ibid.*, 44.

<sup>130</sup> Herdis Hølleland og Steinar Solheim, *Between dream and reality : debating the impact of World heritage listing*, vol. Special ed. 2014, Primitive tider (Oslo: Primitive tider, 2014), 87.

<sup>131</sup> Intervju med Hans Jørgen Andersen, Reisemål Hardangerfjord

*av internasjonal turisme ... Bunader og epleblomster er ikke nok til å vere synlig internasjonalt ...*


*...Vi har ingenting mot bunader, ingenting mot epler og ingenting mot blomster, men å bruke det som hovedbilde når du skal formidle noe, tror jeg ikke er effektivt for Hardanger.<sup>132</sup>*

Då ville dei ha eit annleis image, meir fokusert på aktivitetsbasert reiseliv. Dei valte Trolltunga som ein uoffisiell logo, som er brukt til hovudbilete på annonser, nettsider, brosjyrar og liknande. Dette var ikkje fordi dei visste at Trolltunga kom til å vere eit så populært reisemål, men det var eit meir spesielt og unikt motiv.

*... alle visste, inklusive oss, når vi begynte i 2009 med dette her, at det aldri vil bli mye folk som går til Trolltunga, fordi det er altfor hardt, det er for langt, det er for tøft det er for kort sesong, det er for mye høydemeter. Så det visste alle og alle var enige om det, men vi trengte noe som kunne skape oppmerksomhet. Så har historien vert litt annerledes etter det.<sup>133</sup>*

Etter kvart blei Trolltunga derimot veldig populær, og på få år har tal på besøk hundredobla seg. Andersen meiner at Trolltunga er særskilt fordi bilete av han spreies så lett internasjonalt i ulike mediar, både sosiale og tradisjonelle mediar. Trolltunga er «*ett av verdens mest spektakulære bilder og oppfattes som ett av verdens mest spektakulære steder å ta bilder av seg selv.*»<sup>134</sup>

Bilete frå Trolltunga er utruleg populære, og blir spreidd mykje på sosiale mediar som Facebook, Instagram og liknande. Det er nå over 80 000 offentlege bilete på Instagram under #Trolltunga. Mange av dei er forbausande like, tatt frå same sted med same vinkel. Mange av bileta blir spreia gjennom fleire ulike bloggar og kanalar og når potensielt mange fleire enn tradisjonelle turistnettsider som [hardangerfjord.com](http://hardangerfjord.com).



6 Utklipp fra Instagrambilete tatt av Trolltunga, 05.04.2018

<sup>132</sup> Intervju med Hans Jørgen Andersen

<sup>133</sup> Ibid

<sup>134</sup> Ibid

### **Verdsarven Trolltunga**

Når Odda ikkje blei industriverdsarv, er det mogleg at Trolltunga er naturverdsarv? Han er ein fysisk naturleg formasjon, med estetisk verdi, som var fyrste definisjon av verdsnaturarv.

Utifrå populariteten kan ein sjå at han er ein veldig unik formasjon, og kanskje dermed har universell verdi? Eg trur at motivet Trolltunga definitivt kan definerast som verdsarv, men då som ein del av eit større område. Trolltunga sjølv er bare eit par hundre kubikkmeter, men som ein del av Hardangervidda, Nord-Europas største høgfjellsplatå, kan han etter kvart kome på verdsarvlista. Å få definert Trolltunga og Hardangervidda som verdsarv krev arbeid over tid for å komme inn i den autoriserte verdsarvdiskursen. Owe Ronström meiner at verdsarv blir produsert, det vil seie at einigheten som fører til at noko «er» verdsarv blir produsert.<sup>135</sup> Dermed er det mogleg for Trolltunga å bli verdsarv, sjølv om han i dag ikkje er det, det vil då føre med seg dei gode som verdsarvstatus gir.

### **Turisten, Oddingen, og reiselivsbransjen**

Men kven er det som skapar turistanes Odda? Er det dei lokale som bur, lever og arbeider der, er det turisten som kjem innom for korte periodar i store mengder, eller er det reiselivsbransjen som arbeider aktivt med dette kvar dag? Nettsider, brosjyrar, skilt og anna promoteringsmateriale har ein tydeleg produsent, hovudsakleg reiselivsbransjen, og ei tydeleg målgruppe, hovudsakleg turistar. Likevel er det ikkje noko dei skapar i eit vakuum. Bransjen kommuniserer med turistane både formelt og uformelt og får tilbakemeldingar på opplegg og fokus. Turistar melder og deler Odda i ulike sosiale medium, kommunestyret, stemt fram av lokale, set mål og strategiar. Lokale bedrifter, som ikkje nødvendigvis er sikta mot reiselivet, er og med på å forma Odda.

Til saman er desse med å skape den lokale turistdiskursen. Det å kalle han ein heilt lokal diskurs vil likevel vere feilaktig, då både reiseliv og turistar kan kome frå alle verdas kantar. Desse internasjonale aktørane vil ta i bruk dei same verkemidla, ord, motiv og uttrykk som dei gjer lokalt. Det er ikkje slik at det er reisemål Hardangerfjord, eller nokon andre i reiselivsbransjen som har bestemt at biletet frå Trolltunga er attraktive. Trenden har spreidd seg internasjonalt, og fått blest over heile verda gjennom aviser, bloggar og andre nettsider.

---

<sup>135</sup> Ronström, "Hva verdensarv er - og gjør," 30.



Det er ikkje reiselivsbransjen som har bestemet at berre rundt 1% av 1500 foto av Trolltunga på Tripadvisor inneheld noko særleg bilete av menneskemengda der oppe.<sup>136</sup> Det reiselivsbransjen gjer er derimot å skape eit fokus, spreie bilete i dei rette kanalane for å sikre at mange får sett bileta, men dei kan ikkje styre tanken og handlingane til turisten.

Til sist er ikkje spørsmålet kven som har makta over diskursen den viktigaste delen av min analyse, og det er heller ikkje noko ein kan svare på utan å ha eit større fokus og på andre aktørar enn bransjen. Likevel er det tydeleg at Trolltunga fyrst vore eit fokus frå turistbransjen, som seinare har vakse delvis utføre deira kontroll, og som i dag er ein stor del av den turistediskursen om Odda.

## Trolltunga city

Trolltunga er eit tydeleg symbol som er i bruk overalt i Odda på mange ulike måtar. Det er bilete av Trolltunga hengt opp langs hovudgata, på turistbrosjyrar og i logoar. I glasvindaugget til Skoringen heng eit stort bilete av to hardingar i bunad, hoppande på Trolltunga med eit Skoringenbanner, på toalettet på bensinstasjonen er Trolltunga tapetsert på veggen i fleire kvadratmeter, den lokale sportsbutikken reklamerer for å selje det beste utstyret til å ta turen, Hotell Hardanger har malt Trolltungagrafitti på eine kortsida av hotellet. Dette er ikkje bedrifter som har vore politisk styrt til å bruke Trolltunga i sin reklame, men lokale initiativ.<sup>137</sup>



7 Turistreklame i Odda sentrum. Foto: Kristian Valen

<sup>136</sup> "Trolltunga," 06.04.2018. [https://www.tripadvisor.com/Attraction\\_Review-g1096319-d3522548-Reviews-Trolltunga-Odda\\_Hardanger\\_Hordaland\\_Western\\_Norway.html#photos;aggregationId=101&albumid=101&filter=7&ff=272781741](https://www.tripadvisor.com/Attraction_Review-g1096319-d3522548-Reviews-Trolltunga-Odda_Hardanger_Hordaland_Western_Norway.html#photos;aggregationId=101&albumid=101&filter=7&ff=272781741)

<sup>137</sup> Intervju med Amy Henrickson, Odda kommune/Trolltunga tourism.

I tillegg er det eit utal bedrifter som nyttar Trolltunga i namnet, i følgje Brønnøysundregisteret er det 15 bedrifter som heiter noko med Trolltunga.<sup>138</sup> Dette er turistbedrifter som Trolltunga active og Trolltunga Tourism, men og Trolltunga bunader, Trolltunga camping og Trolltunga Lille Bakeri, til og med Tyssedal Hotell, som i heilskap heiter «Tyssedal hotell – Trolltunga AS» Du har og Trolltunga brukt på t-skjorter, på pølser, og fleire ulike typar øl. Trolltunga som merkevare er tydeleg populær.

### **Naturstaden**

Turiststaden Odda, og dermed det Odda turisten vil oppleve, blir definert og styrt av Trolltunga. Mest av alt på grunn av den store populariteten og bruken Trolltunga har. Den gamle einsidige industristaden står fram som forandra. Fysisk er staden det same, bygningsmassen er i stor grad dei same det har verdt sida industrialiseringa, men med skilt, maling, bilete blir fokuset trekt mot Trolltunga, mot naturen i kring. Dette gjer at Odda ikkje lenger er einsidig definert av å vere ein industristad. Fokuset for turiststaden har gått vekk frå industrien og mot naturen, med Trolltunga som det viktigaste elementet, på same måte som kraftkatedralen Tyssø I blir sett som det viktigaste elementet i industriarven Odda-Tyssedal.

---

<sup>138</sup> Brønnøysundregisteret, "Søk på "Trolltunga", 05.04.2018.  
<https://w2.brreg.no/enhet/sok/treffliste.jsp?navn=Trolltunga&orgform=0&fylke=0&kommune=0>

# 4 Natur og Industri

## Innleiing

Nå skal me ta eit lengre augneblink ved Trolltunga, Hardanger sin uoffisielle logo. Her ser du ein versjon av biletet som du ikkje finn i turistsjyrene, fordi dette er eit bilete av meg frå Juli 2016, andre gong eg var på Trolltunga. Dette biletet tok eg ikkje som forskar på feltarbeid, men turist til



8 Trolltunga Juli 2016. Foto: Martin Valen

Trolltunga. Då eg var i Odda sommaren 2017 var eg ikkje innom sjølve Tunga, berre nede i Skjeggedal, men eg har vore på Trolltunga to gonger tidlegare, før eg begynte på masteroppgåva.

Biletet bruker eg som illustrasjon her fordi det er vanskeleg å velje eit enkelt «Trolltunga-bilete», du møter ulike bilete ulike stadar. Desse er likevel i stor grad like, men har visse skilnader. På Visitodda og Hardangerfjord.com har dei april 2018 bilete av Trolltunga som fokuserer på sjølve tunga, med ein mindre folkemengde, inne på sjølve produktsida om Trolltunga har dei ein rekke ulike Trolltungabilete.<sup>139</sup> På brosjyrene til Reisemål Hardangerfjord er tilnærma like bilete brukt, ofte nøyaktig same bilete på fleire brosjyrar eller nettsider.<sup>140</sup> Trolltunga active bruker ulike bilete, alt etter om det er vintertur, solnedgangstur eller vanlig dagstur dei viser fram. Slik er det og hos Trolltunga adventures.<sup>141</sup> Nettstadene Visitnorway og Fjordnorway hentar sin produktdata frå nettstaden Hardangerfjord, og dei har då same bilete på sine produktsider.<sup>142</sup> Hardanger hotell har malt Trolltunga på veggen, men

---

<sup>139</sup> Hardangerfjord.com 17.04.2018 <https://www.hardangerfjord.com/>

<sup>140</sup> «Hardangerfjord 2018» «Hardangerfjord hiking highlights» «Hardangerfjord product manual» «Hardanger ferietips 2017»

<sup>141</sup> Trolltunga active 17.04.2018 <http://trolltunga-active.com/> og Trolltunga adventures 17.04.2018 <https://www.trolltungaadventures.com/>

<sup>142</sup> Visitnorway.no, 17.04.2018 <https://www.visitnorway.no/reisemal/vestlandet/region-hardangerfjord/listings-hardanger-fjord/trolltunga/22397/> og Fjordnorway.no 17.04.2018 <https://www.fjordnorway.com/things-to-do/hiking/trolltunga-p3884373>

igjen same vinkel som alle andre, det vil seia med utsyn mot sørvest. Bilete av Trolltunga tatt inn mot Tyssestrengane, det vil sei frå søraust, er ikkje i bruk.<sup>143</sup> Dette er ikkje fordi det er umogleg å ta bilete frå den vinkelen, det er fleire stader å stå for å ta eit slikt bilete, men eit bilete frå søraust har mykje mindre siktlinje. Då ser du berre innover mot dei tørrlagte Tyssestrengene.

Det fyrste eg vil trekkje fram i desse bileta, som ein kan sjå tydeleg i mitt eige bilete, og i dei fleste andre, er industrien. Hovudfokus i eit Trolltungabilete er på naturen, men det er ein tydeleg industriell del. Ringedalsvatnet er regulert med lågast regulerte vasstand 372 moh og høgast regulerte vasstand 463.9 moh.<sup>144</sup> Dette gir ein mogleg regulering på 92 meter, og vasstanden er ofte låg på bileta. Dette ser ein frå den lyse steinen som kjem til syne under den høgste vasstanden. På grunn av at området varierer mellom å vere under og over vatn veks det lite planter i dette beltet. Dette beltet oppstår ikkje når vatnet blir redusert til under «oppinneleg» vasstand, det vil seie før oppdemming, som er under det regulerte nivået, men når vatnet blir regulert under den oppdemte, høgare vasstanden. Eit bilete tatt ved høgast regulerte vasstand utan det lyse beltet er ikkje mindre prega av industrien enn eit bilete med «stripe». Likevel er den lyse stripa enklaste måten å kjenne igjen industriutbygging på eit vatn som Ringedalsvatnet, og utan stripe er det lite som skil vatnet på Trolltungabileta frå uregulerte vatn.

Skjemmer dette industripreget Trolltunga? Er det slik at turistane klagar over å få øydelagt ein elles «urørt» naturoppleving av vasskraftutbygginga? Unngår reiselivsbransjen å bruke bilete av Trolltunga med «stripe»? Dette spørsmålet kan naturlegvis bli utvida til all industri i Odda; Unngår reiselivsbransjen bilete av smelteverket, Tysso eller «Sinken»?

Fyrst ser eg på Trolltunga. Det enkle svaret på dette spørsmålet er definitivt nei, for i bilete brukt av Trolltunga er det ein tydeleg variasjon i vasstand i Ringedalsvatnet, og det verkar ikkje å vere ein aktiv tanke om å «fjerna» industripreget.<sup>145</sup> Dette har heller ikkje kome fram i samtale med turistbransjen.<sup>146</sup> Framstillinga av Trolltunga er meir fokusert på gode, flotte bilete med variert sesong og tid på dagen, meir enn å finne bilete med høgast vasstand.

---

<sup>143</sup> Eg har dessverre ikkje bilete av denne vinkelen sjølv.

<sup>144</sup> NVE atlas Ringedalsvatnet 17.04.2018 <https://atlas.nve.no/>

<sup>145</sup> Se til dømes «Hardangerfjord 2018», brosjyre eller <http://trolltunga-active.com/> Samt fleire av bileta på [www.visitodda.com/](http://www.visitodda.com/)

<sup>146</sup> Intervju med Hans Jørgen Andersen

Turistane klagar heller ikkje, i alle fall ikkje til turistbransjen. Reisemål Hardangerfjord, Trolltunga active eller turistkontoret har heller ikkje opplevd negative reaksjonar på Ringedalsvatnet frå turistane.<sup>147</sup> Reisemål Hardangerfjord kan derimot få reaksjonar som kanskje liknar meir på noko som eg sjølv kunne tenkt at dei kom til å få. Men desse reaksjonane kjem frå folk andre stader, til dømes frå Hardanger og området rundt, og som har eit anna syn på Odda.

*For vi blir spurt "nei dette er jo jævlig stygt" sier de, "Disse her det er jo regulert det reagerer sikkert folk veldig på"(sagt av ikke-turister), men det gjør de ikke, overhodet ikke. Du går i ett landskap som er preget av industri, med damanlegg og med høyspentmaster og hele pakken.<sup>148</sup>*

Eg har ikkje intervjua turistane, og tar mine informantar frå turistbransjen sitt ord for at Ringedalsvatnet ikkje skjemmer området. Trolltunga sin utrulege popularitet er og ein peikepinn i same retning. I mitt intervju med Trolltunga active stilte eg same spørsmål, (om dei får reaksjoner på Ringedalsvatnet) og dette er svaret:

*Det er heilt nøytralt eigentleg, dei teke til seg at det er eit regulert vatn og at det ikkje er noko skjemmande i deira syn heller... Dei går i ein stor fabrikk. Og desse mastene som er innigjønå fjellet er på ein måte og ein del av den historien som me formidlar. Tek du vekk straummastene så har du og... på ein måte set eit stort kryss over hundre år med historie. Så da er ein del av turen..<sup>149</sup>*

Turistane skjemmast altså ikkje over industripreget, men kor stor del av Trolltunga er prega av industrien?

## Industrituren Trolltunga?

Kva er industri og kva er natur i Trolltunga? Turistane «går i ein stor fabrikk».<sup>150</sup> Kva fabrikk er dette? Er Trolltunga ein fabrikk? Om me går tilbake til definisjonen av industri og industriarv, så handlar industri om tilverking av råstoff.<sup>151</sup> Heile turen til Trolltunga går gjennom nedbørsfeltet til Tyssevassdraget, og regnet og vatnet som renn i bekkane her endar til slutt i Ringedalsvatnet og vidare ned i Oksla kraftverk. Slik kan ein kanskje definere heile området rundt Ringedalsvatnet som eit industriområde. I tillegg er turen til Trolltunga og definert av ein del fysiske spor etter industriutbygginga. Blant anna ser ein den no nedlagte

---

<sup>147</sup> Intervju med Hans Jørgen Andersen, Amy Henrickson og Trolltunga active

<sup>148</sup> Intervju med Hans Jørgen Andersen

<sup>149</sup> Intervju med Trolltunga Active

<sup>150</sup> Ibid

<sup>151</sup> "Industri." Store norske leksikon

Mågelibanen i Skjeggedal, kraftverka der dalen, rett før ein kjem til Trolltunga kryssar ein elveleiet der Tysestrengene gjekk før, og det ligg ein demning ein kilometer nord for sjølve Tunga, med inntakspunkt for Tyso II. Vatnet renn frå der under bakken ned til ein kraftstasjon ved enden av Ringedalsvatnet. Like så er same industrien over tid blitt industriarv, ein stad der «*energy is generated, transmitted*». <sup>152</sup> Er Trolltungaturen rett og slett eit fabrikkbesøk, og rein industriturisme? Spesielt turistar som går guida turar får informasjon om både historia og naturen i området. <sup>153</sup>

Då følger tanken om Trolltunga kan bli brukt i kulturminnevernet lokalt i Odda, og om han kanskje per i dag allereie er i bruk i den samanheng. Vern gjennom bruk er ein effektiv måte å drive kulturminnevern. Feifan Xie snakker om «adaptive reuse» som ein effektiv måte å bruke industriarv på, han definerer ikkje dette eksplisitt, men me kan seie at «adaptive reuse» er å bruke gamle bygg/rom med nye funksjoner for å møte nye krav/etterspurnad. <sup>154</sup> Kanskje er den alminnelege turen til Trolltunga ei form for «adaptive reuse» av industriarven. Gjenbruk er noko som skjer med industriarven i andre delar av kommunen. Eit av dei største døma er Tyssedal kraftstasjon, som no er museum og ikkje lenger er i drift som kraftstasjon.

Ein ting er kva som i vidaste definisjon kan bli definert som «industri», ein anna er kva som faktisk blir oppfatta som det. Turistane får kanskje med seg at dei går i eit industrielt område, men det betyr ikkje i seg sjølv at dei er industrituristar på industribesøk. Det er ikkje industrien som er fokus på Trolltunga, det er den «spektakulære» naturen.

Hardangerfjordguiden seier at «*Trolltunga er ein av dei mest spektakulære fjellformasjonane i Noreg.*» <sup>155</sup> Trolltunga active kaller han «*one of Norway's most spectacular sight.*» <sup>156</sup>

Trolltunga adventures(eit anna guidefirma) seier at ein vil «*Experience both sunset and sunrise from our camp close to Trolltunga, with spectacular scenery of the Lake.*» <sup>157</sup> NVIM kallar og Trolltunga spektakulær og forklarar dette med å utfordre seg sjølv og stå nær fare, og siterar Edmund Burke:

---

<sup>152</sup> TICCIH, "The Nizhny Tagil Charter For The Industrial Heritage ".

<sup>153</sup> Intervju med Trolltunga active

<sup>154</sup> Xie, *Industrial heritage tourism*, 43, 206. «The resolution of adaptive reuse is to infuse old structures with new functions to meet contemporary demand»

<sup>155</sup> Hardangerfjordguiden 2018, brosjyre, s.8

<sup>156</sup> Trolltunga active 20.04.2018 <http://trolltunga-active.com/>

<sup>157</sup> Trolltunga adventures 20.04.2018 <https://www.trolltungaadventures.com/the-classic-info>



*Når fare eller smerte pressar for nær, er dei ikkje i stand til å gje glede, men med visse modifikasjoner kan dei likevel det, og då er dei herlege, slik som me opplever kvar dag. (Edmund Burke, 1757)<sup>158</sup>*

Eg trur ikkje den spektakulære Trolltunga er industri. For turistane som kjem til Trolltunga er det ikkje nødvendigvis industrien dei kjem for, dei kjem for å oppleve og dokumentere ei spektakulær naturoppleving. Rett nok kan det hende at turistane er opptatt og interessert i industrien, men sjølve Trolltunga trur eg handlar om naturopplevinga. Dei fleste turistane som kjem til Norge kjem på for å oppleve naturen, fjordane og fjella.<sup>159</sup> Det å besøke historiske stader, museum eller lokal kultur har både mindre verd for interesserte turistar, og det er færre turistar som er interessert i det, dette i følgje den nasjonale turistundersøkinga 2016.<sup>160</sup> I tillegg handlar ein del av Trolltungaopplevinga om nettopp frykta, slik det kjem godt fram i sitatet frå Burke. Når eg sjølv har stått på Trolltunga blir eg fylt med adrenalin, fordi det å stå på kanten av stupet, fleire hundre meter over bakken er livsfarleg. Det er ikkje kraftutbygginga som har gjort Trolltunga farlig, den eine store forskjellen er at i staden for å stå på kanten av eit tørt dalføre hadde ein stått på kanten av Tyssestrengene, ein av Europa sine største fossar.

Det spektakulære ligg ikkje berre i at det er farlig, ordet spektakulær betyr iaugefallande eller oppsiktsvekkande.<sup>161</sup> Trolltunga er vist fram som ein spesiell stad, ein stad med særskilt utsikt. Utsikta er (bortsett frå stripa ved vasskanten) totalt fritt for menneske eller menneskelege inngrep. Dette gjer at Trolltunga, slik han framstår på sosiale medium, er eit tydeleg naturreisemål. Trolltunga slik han framstår «før staden», dvs i brosjyrar og på internett, er eit tydeleg naturreisemål, men Trolltungaturen slik han opplevast når du er i Odda, er derimot mykje meir industriprega, sjølv om det og her nok er naturen som er det sentrale for opplevinga.

Når eg skriv om det spektakulære kan det og vere naturleg og snakke om «spectaclization of place»<sup>162</sup> John Urry, som står bak «the tourist Gaze» meinte at fotografering førte til ein

---

<sup>158</sup> Vegen til Trolltunga, utstilling

<sup>159</sup> "Turistundersøkelsen - Oppsummering av sommersesongen 2016 - hovedrapport," (2017), [https://res.cloudinary.com/simpleview/image/upload/v1/clients/norway/turistundersokelsen\\_oppsummering\\_av\\_sommersesongen\\_2016\\_27032017\\_3c50ef53-4491-4e6a-b2a6-d373974a19b4.pdf](https://res.cloudinary.com/simpleview/image/upload/v1/clients/norway/turistundersokelsen_oppsummering_av_sommersesongen_2016_27032017_3c50ef53-4491-4e6a-b2a6-d373974a19b4.pdf).

<sup>160</sup> Ibid., 23.

<sup>161</sup> Nynorskordboka, 20.04.2018

[https://ordbok.uib.no/perl/ordbok.cgi?OPP=spektakul%C3%A6r&ant\\_bokmaal=5&ant\\_nynorsk=5&begge=+&ordbok=begge](https://ordbok.uib.no/perl/ordbok.cgi?OPP=spektakul%C3%A6r&ant_bokmaal=5&ant_nynorsk=5&begge=+&ordbok=begge)

<sup>162</sup> Knudsen og Association of American Geographers, *Landscape, tourism, and meaning*, 3.

demokratisering av «the tourist gaze»<sup>163</sup> Det vil seie at det i mindre grad er turistbransjen som styrer turistblikket etter at kameraet har vorte allemannseige. Det same har skjedd med sosiale medium. Der bilete før blei delt med familie og vener kan dei no bli delt med heile verda parallelt med turistbransjen sine profesjonelle foto. Medan turistbransjen før kunne styre presentasjonen av attraksjonen er det no enkelt for «vanlige» folk å vere med på det same.

Det å finne det spektakulære er ein av den moderne fototurismens viktigaste mål. Urry meiner at turistane ynskjer å finne landskap fritt for visuell forureining, som maskinar, motorveg, kraftverk, og industri.<sup>164</sup> Er då stripa ved vasstanden visuell forureining? Det er noko «unaturleg» over han, men eg trur han kan gå for å vere naturleg for utrente auge. I og med at ein ikkje ser grunnen til at stripa er der, det vil seia demning og tapperøyr, kan stripa kanskje bli forklart som ein anna abnormalitet, på lik linje med Trolltunga sjølv.

Urry meiner og at turistar som ynskjer å besøke ein stad risikerer å øydelegge det dei ynskjer å sjå på, på grunn av masseturismen.<sup>165</sup> Turistar ynskjer å møte det autentiske, uskada landskapet. Eg trur at det er meir eller mindre umogleg at Trolltunga blir øydelagt av masseturisme, på grunn av det reine Trolltungabiletet. Eg har vore på tunga to gonger, ein gong i 2013 og ein gong i 2016. I 2013 var det om lag 20-30 turistar omkring Trolltunga kvelden eg var der, og det var ingen kø. I 2016 var det fleire hundre turistar og i underkant ein time å stå i kø. Likevel er minnet av desse to turane ganske like. Biletet frå desse to turane er nesten heilt like. Turistane presenterer ikkje bilete av køen. For å sette det på spissen trur eg ikkje at eit høg fjellshotell eller ein hyttelandsby rett bak fotografen vil endre turistbiletet. På grunn av at biletet sikter den vegen det gjer, vekk frå sjølve turen, og ut mot det spektakulære



9 Trolltungakøen. Foto: Martin Valen

---

<sup>163</sup> John Urry, "The Tourist Gaze and the 'Environment'," *Theory, Culture & Society* 9, no. 3 (1992)23.04.2018. <http://journals.sagepub.com/doi/abs/10.1177/026327692009003001>.

<sup>164</sup> Ibid., 5.

<sup>165</sup> Ibid.




landskapet, er ikkje Trolltunga i fare for å bli øydelagt av turistane til Trolltunga, i alle fall ikkje visuelt. Om det skjer noko på andre sida av vatnet er det sjølvstøtt ei endring, men per i dag er ikkje denne delen eit stort turistreisemål.

Kevin Markwell har forska på turistar sin oppleving av naturattraksjonar i Malaysia, og han viser korleis turistane blir styrt av turistbransjen med fysiske og ikkje fysiske hindringar. Dette er ting som gjerde, utsiktsplattformer og skilting.<sup>166</sup> Dette skaper eit skilje mellom turisten og naturen, der naturen skal vere mest mogleg urørt. På Trolltunga er det ikkje gjerde eller utsiktsplattformer, likevel meiner eg at Trolltunga kan minne om denne type reisemål, berre at hindringane som kan skilja turisten frå motivet ikkje er menneskeskapte, men naturlege. Trolltunga er ein stad der turistane utan styring gjer ting på bestemte måtar, køkultur og bilete-kultur oppstår utan at det er gjerde eller folk som held oppsyn med turistane. Dei skilta som er der gir beskjed om å passe opp for kanten av stup og å oppføre seg ansvarleg.

## Industrien i naturen

Ringedalsvatnet er eit døme på ein del av industriarven satt inn i ein naturleg kontekst. Dette er noko som går igjen fleire stader i industriarven i Odda kommune, spesielt i Tyssedal. Turen frå Tyssedal og opp til Lilletopp (det gamle fordelingsbassenget til Tyssø I) langs røyr-gata er eit døme på dette. Det vedlagte biletet er frå side 2 i «Hardanger ferietips 2017» frå Reisemål Hardangerfjord. Same og liknande bilete finst hjå NVIM og andre stader.<sup>167</sup> Vasskrafta er plassert inn i ein naturleg kontekst. Dette er særleg tydeleg i dette biletet, men og i dei fleste oversiktsbilete av Lilletopp.



10 Lilletopp, Foto: Dag Ende Opedal/Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

<sup>166</sup> Kevin Markwell, "‘An intimate rendezvous with nature’?: Mediating the tourist-nature experience at three tourist sites in Borneo," *Tourist Studies* 1, no. 1 (2001)07.05.2018. <http://journals.sagepub.com/doi/pdf/10.1177/146879760100100103>.

<sup>167</sup> "Hardanger ferietips 2017", brosjyre, «Hardangerfjord hiking highlights», Brosjyre og NVIM.no 22.04.2018 <http://www.nvim.no/kampanje-artikler/easy-alternative-to-trolltunga-magnificent-view-article493-554.html>.

Vasskrafta spelar andrefiolin som hovudmotiv. Konteksten, som er fjord og fjell, er nesten viktigare enn motivet.

Dette er eit døme på industrien i naturen, der industrien er sett i ein naturleg kontekst. Dette er annleis frå den måten Trolltunga blir brukt i Odda på bygg og liknande. Biletet av Lilletopp er eit døme på at ein tar eit industriminne, og presenterer det (i tekst og bilete) på mest mogleg «naturleg» måte. Naturleg i denne samanheng betyr ikkje «ekte» eller «enkelt», men meir «satt i samanheng med natur» eller «gjort om til natur». Lilletopp er ein del av ein lokal kampanje for å halde turistar lenger i Odda. Knut Markhus hjå NVIM forklarar:

*Då er det det at me tilbyr eit alternativ til Trolltunga, både sånn...med vær og føreforhold, men og det at det kan vere ein fin opplevelse nummer 2, attåt Trolltunga. ...Ein felles kampanje for at folk skal bli litt lenger. Ikkje bare ein dag før dei går vidare til London eller Paris. ...Visa at her er det meir å gjere. Fleire kjekke ting å oppleve. Lilletopp og Buerbreen og mykje.<sup>168</sup>*

Dermed er det ikkje rart at fokuset kan vere på det naturlege, sidan dette er eit alternativ til Trolltunga, ein alternativ tur og ein alternativ attraksjon. Frå Lilletopp har du god utsikt ut til fjord, fjell og industri, på ein anna måte enn på Trolltunga.

Opp til Lilletopp frå Tysso I er det ein «Via Ferrata» som er ei tilrettelagt klatreløype med stigetrinn og fester, i utgangspunktet er delar bygd i anleggstida. Her har Trolltunga active i samarbeid med NVIM guida klatreturar. Klatreturane byrjar med visning av eit biletspel på NVIM ved Sørfjorden,



*11 Utsikt frå Lilletopp mot Eitrheimsneset Juli 2017, Foto: Kristian Valen*

biletspelet handlar om industriutbygginga på tidlig 1900-tal. Turen går opp langs røyrgata og ender på Lilletopp, der det er omvisning i det gamle fordelingsbassenget. Tittelen på turen er «Tyssedal ViaFerrata - in the footsteps of the Rallar»<sup>169</sup> Dette er natur og industri i skjønn

<sup>168</sup> Intervju med Knut Markhus og Dag Endre Opedal, Norsk vsskraft- og industristadmuseum

<sup>169</sup> Trolltunga Active 23.04.2018 <http://trolltunga-active.com/>

foreining. «It's an introduction to Norwegian history, while surrounded by beautiful nature.»<sup>170</sup> Dette er eit kroneksempel på industri i naturen. Lilletopp er og ein flott stad å sjå mot same fenomen, når ein ser ned mot Eittheimsneset, og ser sinkverket omgitt av skogkledde fjellsider inne i fjorden.

### Speler industrien og naturen på lag?

Industri og natur spelar i bilete og presentasjonar kanskje på lag, dvs at det ikkje verker å vere ein sterk kontrast. Samtidig er det slik at industri og natur har ein gjensidig påverknad på ein annan. Er det rett å framstille industri i samspel med naturen? Kva effekt har industri på natur? Naturen sin effekt som ressurs for industrien har eg alt gått igjennom. Er industrien i Odda farleg for naturen og miljøet i Odda? Farleg i form av at det er skadeleg for naturmangfaldet, at det fører til klimaendringar, eller at det forureinar. Dette er ein tematikk som til ein viss grad tas opp lokalt . NVIM sin utstilling «Foss» ser på konsekvensar av vasskraftsutbygging eller vassdragsvern, same tema er og nemnt i dei andre utstillingane til museet.<sup>171</sup> Blant anna har dei i «foss» ei vektskål, der du kan plassere treklossar med argument for og imot, og sjå kva resultat som til slutt veg tyngst.



12 Utbyggingens vektskål. Foto: Kristian Valen

Naturmangfaldet kan ta skade som eit resultat av utstlepp av farlege stoffer, men og av det meir mekaniske som skjer når elva blir lagt i røyr. I Noreg har det å utbygge vasskraft i lakseelver vore eit heitt tema, og det har det og vore i Odda. Dette er fordi utbygging kan gjere at det er for lite vassføring til at laksen kan komme seg forbi stryk og fossar. Spesielt fram mot verneplan for vassdrag på 1970-talet var det strid, men og i den pågåande flomsikrings og vasskraftsutbygginga, der fleire ulike naturvernforbund er motstandere av utbygging av Opo.<sup>172</sup>

<sup>170</sup> Ibid

<sup>171</sup> «Foss», utstilling

<sup>172</sup> Ørjan Sælensminde et al., "Utbygging av Opo-vassdraget: Unnskyld dem ikke!," *Aftenposten* 23.05.2018. <https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/j2bQz/Utbygging-av-Opo-vassdraget-Unnskyld-dem-ikke>.

Opo var tidlegare kjent for å ha mykje storlaks, men har utover 1990-talet hatt ein merkbar minke i bestanden.<sup>173</sup> Dette har ein samanheng med oppdrettsindustrien, som er særst vanleg utover i Hardangerfjorden. Rømt oppdrettsfisk som tar med seg lakselus og blander seg med lokale laksestammer har ført til færre laks i Opo. Miljødirektoratet anser bestanden av laks i Opovassdraget som «kritisk eller tapt» og bestanden av sjøaure som «hensynskrevende»<sup>174</sup> Oppdrettsindustrien held stort sett til lenger ute i fjorden, og er ikkje noko eg har fokusert på, men det er eit oppdrettsanlegg inne i fjellet rett ved kraftverket Tysse1. Her veks fjellaure opp inne i fjellet, i ferskvatn henta frå kraftverka til AS Tyssefaldene, og det heile er oppvarma av spillvarme frå Titanverket i Tyssedal.<sup>175</sup> Dette er eit lukka anlegg for fjellaure og vil derfor ikkje påverke laksestammen i Opo.<sup>176</sup> Det er og slik at kraftutbygging ikkje hindrar fisk i å leve i vatna, og det er mykje aure i Ringedalsvatnet og dei andre utbygde vatna, men AS Tyssefaldene må gjennom vedtak i konsesjonsføresegnane sette ut fisk for å sikra ein livskraftig bestand.

Forureining er og har vore eit problem i Odda. I utstillinga «Ei skinande metallisk framtid» om sinkverket skriv NVIM at

*«Frå 1970-talet og framover er miljøforhold i Odda gong på gong blitt dregne fram i mediesøkelyset. For mange har nok Odda vore synonymt med forureining»<sup>177</sup>*

*«Avfall frå Sinkframstillinga vart lagra i Eitrheimsvågen i mange år. I 1992 vart 90 000 kvadratmeter med kraftig fiberduk lagt på botnen av vågen. Sidan vart duken dekkja av eit tretti centimeter tjukt lag med sand. Innerst i Eitrheimsvågen er det i dag grønt grad. Her svingar golfklubben køllene sine, og her har Odda sitt A-lag i fotball treningsfelt.»<sup>178</sup>*

Utstillinga fortel vidare om dagens lagringsmetode for avfall i fjellhallar, og avsluttar med eit avisutklipp som melder om «friskmeldt Sørfjord» og «Miljøvernrekord»<sup>179</sup> Dette er ein i overkant positiv framstilling, og grenser til å vere direkte feil. Miljødirektoratet meiner at Sørfjorden i dag er sterkt forureina, og Mattilsynet åtvarer mot å eta fisk og skalldyr frå

---

<sup>173</sup> Angell et al., *Hardanger : ei regionhistorie : Etter 1900*, 3, 316.

<sup>174</sup> Miljødirektoratet, "Opo," *Lakseregisteret* 25.04.2018.

<http://lakseregister.fylkesmannen.no/lakseregister/public/visElv.aspx?vassdrag=Opo&id=048.Z>.

<sup>175</sup> Tysso I, utstilling

<sup>176</sup> Ibid.

<sup>177</sup> «Ei skinande metallisk framtid», utstilling

<sup>178</sup> Ibid

<sup>179</sup> «Ei skinande metallisk framtid» NVIM



Sørfjorden.<sup>180</sup> Dette passar dårleg saman med ein fjord som er friskmeldt. For å vere presis er det ikkje slik at NVIM sjølv skriv at Sørfjorden er friskmeldt, men når dei tek fram ei avisforside som seier det same, utan å kommentera at ho er feil, sit eg som besøkande igjen med inntrykk av at all forureining i Sørfjorden er forbi.



13 Sørfjorden friskmeldt Foto: Kristian Valen

Klimaendringar har og konsekvensar for Odda, og Odda har vore med på å skape klimaendringar. Klimaendringane har meir globale konsekvensar enn lokal forureining, men har og meir globale årsakar. Resultatet av klimaendringane er mange, for mange til å gå gjennom her, men eg kan kort seie at utslepp av karbondioksid og andre klimagassar som skjer i ulike forbrenningsprosessar føres opp i atmosfæren. Røyken var vanleg i Odda og andre industribyar tidlegare. «Det er røyken vi lever av» kunne dei sei lokalt.<sup>181</sup> I dag ligg ikkje røyken like tett over fjorden som han gjorde då fabrikkane gjekk for fullt, men du ser han framleis ut or pipene til Titanverket og Sinkverket. Dette gjer at miljøproblematikken framleis blir opplevd som nær når eg er i Odda, spesielt sidan industrien er synleg nesten uansett kvar du er.



14 Boliden, Januar 2018 Foto: Kristian Valen

Men det er ei anna side som og er relevant når ein snakkar om vasskraft og forureining. Vasskraft er fornybar energi, og NVIM fortel at:

<sup>180</sup> Miljødirektoratet, "Sørfjorden," (2016)25.04.2018.

<http://www.miljodirektoratet.no/no/Tema/Forurensning/Sjubbunn/Opprydding-i-prioriterte-omrader/Sorfjorden/>.

<sup>181</sup> «Oddafabrikkene 1906-1924» NVIM 25.04.2018 <http://www.nvim.no/historie/odda-sin-industrihistorie/infotavler/oddafabrikkene-1906-1924-article684-1003.html>

*«Det hydrologiske krinslaupet er ein evighetsmaskin. Vatnet som spinn turbinen går vidare til havet, men gjev seg ikkje til her for lenge. Sola lokkar vatnet til himmels. Her flyt det rundt som skyer, før det ramlar til jorda igjen i form av regn – og finn seg eit vatn eller ei elv. «Hei, og takk for sist», hoiar vatnet, - før det susar inn i turbinen igjen.»<sup>182</sup>*

Vasskrafta slepp ikkje ut klimagassar, og kan difor seiast å vere miljøvenleg, sjølv om han kanskje ikkje alltid er «naturvenleg» mot laks og og anna liv i elva. Vasskrafta kan og gje meir mekanisk skade, spesielt i utbygginga. Anleggsvegar, demningar og liknande bygd innover høgfjellet på stader tidlegare med berre lettare menneskeleg påverknad.

Til saman gjer dette at eg ikkje seier at natur og industri ikkje høyrer saman, men at det å framstille industrien og naturen i eit sterkt positivt samspel blir feil. Industri er ikkje enten miljøfarleg eller miljøvenleg, alt etter som korleis han blir brukt kan han vere begge delar. Historisk sett har delar av industrien i Odda vore miljøfarleg, så det å plassere han i eit heilt positivt ordelag meiner eg blir ein feilaktig framstilling.

## **Odda på staden og på nett**

Når det kjem til stykket er Odda ein stad som er definert av natur og industri, men biletet vil vere annleis når du er lokalt på staden, enn før du kjem dit. Via turistnettsider som omtaler industriarven er det eit større fokus på Tyssedal, og dermed og på vasskrafta. Smelteverket i Odda er til dømes ikkje nemnt på dei ulike Visit-sidene, trass i skiltutstillinga som går der no, og Knud Knudsens fotografier.<sup>183</sup> Det som er nemnt er Vitensenteret og arbeidarbustadane. Dette er kanskje ikkje så rart, då smelteverket er eit relativt nytt reisemål (all formidling har kome dei siste ti år) og dei andre fabrikkane er stengt for publikum. Dermed er det ikkje slik at ein nødvendigvis aktivt vil fjerna industrien frå presentasjonen, men resultatet blir likevel slik at delar av industrien er skjult fram til turisten sjølv kjem til Odda. Hans Jørgen Andersen seier dette om temaet:

*I den grad det ikke er bilder av industrien er det ett ikke aktivt val. For meg så er det helt fullstendig uproblematisk å ha bilde av industrien. Men det er ikke det som er en attraksjon ... Men det står ikke i veien for attraksjonene.*

---

<sup>182</sup> «Foss» NVIM

<sup>183</sup> Søk på “smelteverk” 23.05.2018

<https://www.hardangerfjord.com/odda/information/sokeresultat?search=smelteverk> Som ein kommentar er det heller ikkje info om desse to utstillingane med søk etter tittelen på utstillingen.

Eg vil seie at dette biletet kan kome i kontrast til Odda slik det ser ut når du kjem til byen. Då ser du at sentrum i både Odda og Tyssedal har ein «skyline» av industripiper og fabrikktag, på grunn av dei høge fjella er dette rett nok ikkje ein skikkeleg «skyline», men dei er tydeleg stadens største bygg.

Industri og natur er begge tydeleg til stades i Odda. Dei er begge to noko som er med på å definere staden, både no og i fortida. Industrien er ikkje i fyrste rekke i turistpresentasjonen, men den er ein sær s tydeleg del. Odda har berre eit museum, og dette museet har med industri å gjere. Her er ingen naturmuseum slik det er i Jondal og Eidfjord(Folgefonna- og Hardangervidda nasjonalparksenter) Dermed blir konklusjonen på ingen måte at industrien er fråverande, men industrien er ikkje alltid framtrédande.

## 5 Konklusjon

Odda er ein stad med mange ansikt: Industristad, naturstad, turiststad, fjellstad, landbruksstad, kulturarvstad, laksestad og mange andre «stader». Alle moglege måtar å definere Odda er med på å skape turiststaden Odda. Odda er ikkje einseitig definert av eit aspekt, enten dette er natur, kultur eller industri. Om noko, er Trolltunga det som i dag definerer turiststaden Odda, men han står ikkje åleine. Industrierven i sentrum, Folgefonna mot vest, Sørfjorden ut over mot Hardanger, Oddadalen med fossane, og kraftanlegget i Tyssedal, er alle attraksjonar som er med på å skape turiststaden. I tillegg er alt rundt attraksjonane ein viktig del, slik som butikkar, turistinformasjon, hotell, airbnb og restaurantar. Dette er det som til saman gjer at Odda er ein komplett mangesidig turiststad.

*Velkommen til Odda, kontrastenes kaleidoskop.<sup>184</sup>*

Odda er ein stad for kontrastar: Kontrasten mellom bre, fjord og fjell, kontrasten mellom fabrikk og skogkledde fjellsider, kontrasten mellom Trolltunga og Ringedalsvatnet. Desse kontrastane er med på å skape Odda. Odda er staden som har gått frå å vera landbruksbygd, til turiststad, vidare til industristad og er i dag ein stad med element frå all sin historie synleg i bybiletet.

Naturen og industrierven er evig til stades i turiststaden Odda. Industri er ein del av naturen og industrien strekk seg over store områder. Naturen har og industrien i seg, og all natur i Odda er påverka av industri og menneske i større eller mindre grad. Naturen og industrien er eit tospann i evig samspel lokalt, men kor harmonisk melodien går, varierer. Eg meiner at natur og industri ikkje alltid er ei kopling som er positiv, men ei kopling som bør bli (og til ein viss grad blir) presentert til turistane i Odda. Dette er då i tillegg til dei positive aspekta av industrien, som til dømes fornybar energi, arbeidsplassar, industriprodukt og så vidare.

Industri i drift er ikkje i stor grad tilgjengeleg for turistane, medan dei delane som er ute av drift og er verna som industrierarv er tilgjengelege. Likevel er industrien ein del av Turiststaden: «vassstripe», fabrikkar og kraftverk er store synlege fleire stader i Odda. Naturen er og evig til stades, og naturarven er det då og, skilnaden på desse omgrepa er liten i Odda.

---

<sup>184</sup> Visitodda.com 03.05.2018 <https://www.hardangerfjord.com/odda/>



Korleis blir då Odda presentert til turistane? Turiststaden Odda blir presentert som ein naturstad. Naturen tek høgsetet i turiststaden Odda, med Trolltunga som fremste representant. Overalt i Odda, både fysisk, på nett og i brosjyrar er Trolltunga synleg. Odda står ikkje fram som ein industrikommune, og Odda ikkje som ein industristad, turiststaden Odda er i dag ein naturstad. Eg kallar han Trolltunga city, ein naturstad fokusert på Trolltunga, ikkje heilt einseitig naturleg, men mangesidig. I diskursen som skapar naturstaden Odda er det mange element, men slik det blir presentert for turisten er det likevel naturstaden som får mest plass. Industriarv, Natur, Kulturarv, Trolltunga, Folgefonna, Kraftutbygging, fabrikkane; Alt saman er delar av turistdiskursen i Odda. Ein diskurs som fortel kva som er det viktigaste målet for turistbransjen, nemleg Trolltunga.

# Litteraturliste

- "Alarm Trolltunga." *Brennpunkt* (2016): 43:03. 23.11.2016.  
<https://tv.nrk.no/serie/brennpunkt/MDDP11001716/23-11-2016>.
- Angell, Elise, og Tale Hauso. "Nytt rekordår for Trolltunga - men talet på redningsaksjonar fall drastisk." *NRK* (2017). 12.02.2018. <https://www.nrk.no/hordaland/nytt-rekordar-for-trolltunga--men-talet-pa-redningsaksjonar-fall-drastisk-1.13731210>.
- Angell, Svein Ivar, Martin Byrkjeland, Knut Grove, Dag Grønnestad, Ståle Dyrvik, og Edgar Hovland. *Hardanger : ei regionhistorie : Etter 1900*. Vol. 3, Bergen: Fagbokforl., 2015.
- Angell, Svein Ivar, Dag Grønnestad, Ståle Dyrvik, og Edgar Hovland. *Hardanger : ei regionhistorie : 2 : 1750-1900*. Vol. 2, Bergen: Fagbokforlaget, 2015.
- Asdal, Kristin. "Enacting Things through Numbers: Taking Nature into Account/ing." *Geoforum* 39, (2008): 123-32. 09.05.2018.  
<https://www.sciencedirect.com/science/article/pii/S001671850600176X?via%3Dihub>.
- Binney, Marcus, Francis Machin, og Kenneth Powell. *Bright future : the re-use of industrial buildings*. London: SAVE Britain's Heritage, 1990.
- Bjørsvik, Elisabeth, Helena Nynäs, og Per Einar Faugli. *Kulturminner i norsk kraftproduksjon*. Rapport (Norges vassdrags- og energidirektorat : trykt utg.). Rev. utg. utg. Vol. nr. 52-2013, Oslo: Norges vassdrags- og energidirektorat, 2013.
- Bryhni, Inge. "Fjord." I *Store Norske Leksikon*, redigert, 2016. 02.2018. <https://snl.no/fjord>.  
Brønnøysundregisteret. "Søk på "Trolltunga". 05.04.2018.  
<https://w2.brreg.no/enhet/sok/treffliste.jsp?navn=Trolltunga&orgform=0&fylke=0&kommune=0>
- Bårtvedt, Randi. "Kva skjer når kvardagen blir verdensarv?". I *Når industrisamfunnet blir verdensarv*, redigert av Hans-Jakob Ågotnes. Oslo: Scandinavian Academic Press, 2014.
- Christensen, Arne Lie. *Kunsten å bevare : om kulturminnevern og fortidsinteresse i Norge*. Oslo: Pax, 2011.
- Eriksen, Anne. *From antiquities to heritage : transformations of cultural memory*. Time and the world, Interdisciplinary studies in cultural transformations. Vol. 1, New York: Berghahn, 2014.
- . "Kulturarv og kulturarvinger." *Nytt norsk tidsskrift* 26, no. 3-4 (2009): 474-80. 08.03.2018. <https://www.idunn.no/file/pdf/36231938/art02.pdf>.
- Evers, Anouk, og Jens Kristian Jacobsen Steen. "Transforming a Norwegian Landscape into an Iconic Tourist Attraction: The Trolltunga Experience." (2016).  
<https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2413805>.
- Fairclough, Norman. "Discourse and Text: Linguistic and Intertextual Analysis within Discourse Analysis." *Discourse & Society* 3, no. 2 (1992): 193-217. 30.01.2018.  
<https://doi.org/10.1177/0957926592003002004>.
- "Final Dissertation Seminar." Universitetet i Oslo, 20.02.2018.  
<http://www.sv.uio.no/tik/english/research/news-and-events/events/midway-and-final-seminars-phd/2017/final-dissertation-seminar-nynas>.
- Fägerborg, Eva. "Intervjuer." I *Etnologiskt fältarbete*, redigert av Lars Kaijser og Magnus Öhlander, 85-112. Stockholm: Studentlitteratur, 2011.
- Gravdal, Jan, Våde Vidar, og AS Tyssefaldene. *Tyssefaldene : krafttak i 100 år : 1906-2006*. Tyssefaldene: AS Tyssefaldene, 2006.
- Gray, Ann. *Research Practice for Cultural Studies*. London, 2003. 04.02.2018.  
<http://methods.sagepub.com/book/research-practice-for-cultural-studies>.

- Ham, Anthony, Stuart Butler, og Donna Wheeler. *Norway*. 6 utg. Footscray Vic: Lonely Planet, 2015.
- Ham, Anthony, Miles Roddis, og Kari Lundgren. *Norway*. Lonely planet. 4 utg. Footscray Vic: Lonely Planet, 2008.
- Hansen, Christine. "Hardangersaken og visualiseringen av et nasjonalt landskap." *Nytt Norsk Tidsskrift* 29, no. 03 (2012): 248-58. 20.02.2018.  
[http://www.idunn.no/nnt/2012/03/hardangersaken\\_og\\_visualiseringen\\_av\\_et\\_nasjonalt\\_landskap](http://www.idunn.no/nnt/2012/03/hardangersaken_og_visualiseringen_av_et_nasjonalt_landskap).
- Harrison, Rodney. *Heritage : critical approaches*. London: Routledge, 2013.
- Henrik Hovland, Svensen, Eriksen Thomas Hylland, og Hessen Dag O. "En røff guide til antropocen." *Nytt Norsk Tidsskrift* no. 01-02 (2016): 71-83..  
[https://www.idunn.no/file/pdf/66862819/en\\_roeff\\_guide\\_til\\_antropocen.pdf](https://www.idunn.no/file/pdf/66862819/en_roeff_guide_til_antropocen.pdf).
- Hølleland, Herdis, og Jessica Phelps. "Becoming a conservation 'good power': Norway's early World Heritage history." *International Journal of Cultural Policy* (2018): 1-18. 13.02.2018.  
<http://www.tandfonline.com/doi/full/10.1080/10286632.2018.1431223?scroll=top&needAccess=true>.
- Hølleland, Herdis, og Steinar Solheim. *Between dream and reality : debating the impact of World heritage listing*. Primitive tider. Vol. Special ed. 2014, Oslo: Primitive tider, 2014.
- Hågvar, Sigmund, og Berntsen Bredo, red. *Norsk naturarv : våre naturverdier i internasjonalt lys*. Oslo: Andresen & Butenschøn, 2001.
- "Industri." I *Store Norske Leksikon*, redigert av Arne Isaksen, 201802.03.2018.  
<https://snl.no/industri>.
- Innovasjon Norge. "Turistundersøkelsen - Oppsummering av sommersesongen 2016 - hovedrapport." (2017): 45.  
[https://res.cloudinary.com/simpleview/image/upload/v1/clients/norway/turistundersokelsen\\_oppsummering\\_av\\_sommersesongen\\_2016\\_27032017\\_3c50ef53-4491-4e6a-b2a6-d373974a19b4.pdf](https://res.cloudinary.com/simpleview/image/upload/v1/clients/norway/turistundersokelsen_oppsummering_av_sommersesongen_2016_27032017_3c50ef53-4491-4e6a-b2a6-d373974a19b4.pdf).
- Jarmund, Grete, og Riksantikvaren. *Verneplan for tekniske og industrielle kulturminner*. Riksantikvarens rapporter (trykt utg.). Vol. nr 23-1994, Oslo: Riksantikvaren, 1994.
- Kaijser, Lars, og Lizette Gradén. "Fotografi och film." I *Etnologiskt fältarbete*, redigert av Lars Kaijser og Magnus Öhlander, 175-204. Stockholm: Studentlitteratur, 2011.
- Kjørup, Søren. "Den ubegrundede skepsis: en kritisk diskussion af socialkonstruktionismens filosofiske grundlag." *Sosiologi i Dag* 31, no. 2 (2001): 5-22. 20.03.2018.  
[https://l.facebook.com/l.php?u=https%3A%2F%2Fcdn.fbsbx.com%2Fv%2Ft59.2708-21%2F28966925\\_10160268723425235\\_6977223407993618432\\_n.pdf%2FDenubegrunderedeskepsis.pdf%3F\\_nc\\_cat%3D0%26oh%3Dd3b06c3fea3d94fff18f5b70e0103641%26oe%3D5AFBC704%26dl%3D1&h=ATNdFe\\_W\\_WZ48RufpfcRB9oWO1cMH2kvsXOfChNJ1IWnJOaMfwafInHLOzFZQvMaOL7ptPfvHa3hwGpYG7opgQPbOVS GIRXwd8DWY0bRGKoSSat3h6S1QAmmlvo&s=1](https://l.facebook.com/l.php?u=https%3A%2F%2Fcdn.fbsbx.com%2Fv%2Ft59.2708-21%2F28966925_10160268723425235_6977223407993618432_n.pdf%2FDenubegrunderedeskepsis.pdf%3F_nc_cat%3D0%26oh%3Dd3b06c3fea3d94fff18f5b70e0103641%26oe%3D5AFBC704%26dl%3D1&h=ATNdFe_W_WZ48RufpfcRB9oWO1cMH2kvsXOfChNJ1IWnJOaMfwafInHLOzFZQvMaOL7ptPfvHa3hwGpYG7opgQPbOVS GIRXwd8DWY0bRGKoSSat3h6S1QAmmlvo&s=1).
- Klima- og miljødepartementet. "Kulturminneloven", *Lov om kulturminner av 09.Juni 1978*. 05.05.2018. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50>.
- Knudsen, Daniel C., og Meeting Association of American Geographers. *Landscape, tourism, and meaning*. New directions in tourism analysis. Aldershot: Ashgate, 2008.
- Latour, Bruno, og Catherine Porter. *Politics of nature : how to bring the sciences into democracy*. Cambridge, Mass.: Harvard University Press, 2004.
- Mah, Alice. *Industrial ruination, community, and place : landscapes and legacies of urban decline*. 2 utg. Toronto: University of Toronto Press, 2012.

- Markwell, Kevin. "‘An intimate rendezvous with nature’?: Mediating the tourist-nature experience at three tourist sites in Borneo." *Tourist Studies* 1, no. 1 (2001): 39-57. 07.05.2018. <http://journals.sagepub.com/doi/pdf/10.1177/146879760100100103>.
- Miljødirektoratet. "Opo." *Lakseregisteret*. 25.04.2018. <http://lakseregister.fylkesmannen.no/lakseregister/public/visElv.aspx?vassdrag=Opo&id=048.Z>.
- . "Sørfjorden." (2016). 25.04.2018. [http://www.miljodirektoratet.no/no/Tema/Forurenset\\_sjobunn/Opprydding-i-prioriterte-omrader/Sorfjorden/](http://www.miljodirektoratet.no/no/Tema/Forurenset_sjobunn/Opprydding-i-prioriterte-omrader/Sorfjorden/).
- "Natur." I *Store Norske Leksikon*, redigert av Einar Duungen Bøhn, 201714.02.2018. <https://snl.no/natur>.
- "Norsk senter for forskningsdata." 04.02.2018. <http://www.nsd.uib.no/>.
- Nynäs, Helena. *Dammer som kulturminner*. Oslo: Norges vassdrags- og energidirektorat, 2013. 20.02.2018. [http://publikasjoner.nve.no/rapport/2013/rapport2013\\_64.pdf](http://publikasjoner.nve.no/rapport/2013/rapport2013_64.pdf).
- Nærings- og fiskeridepartementet. *Opplev Norge – unikt og eventyrlig*. St.meld. nr. 19 (2016-2017) Oslo: Nærings- og fiskeridepartementet, .
- Olje- og energidepartementet. "Varig flomvern i Opovassdraget mv." Stortinget, <https://www.stortinget.no/nn/Saker-og-publikasjoner/Saker/Sak/?p=66697>.
- Oma, Peter Fredheim, og Øystein Aas. "Turister på utrygg grunn." (2017). <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2464644>.
- "Opo m/Låtefoss." 18.02.2018. <https://www.nve.no/vann-vassdrag-og-miljo/verneplan-for-vassdrag/hordaland/048-2-Opo-m-Latefoss/>.
- Riibe, Sissel, Henning Weyergang-Nielsen, og Norges vassdrags- og energidirektorat. *Kraftoverføringens kulturminner*. Oslo: Norges vassdrags- og energidirektorat, 2010. 20.02.2018. [http://publikasjoner.nve.no/rapport/2010/rapport2010\\_17.pdf](http://publikasjoner.nve.no/rapport/2010/rapport2010_17.pdf).
- Riksantikvaren. *Riksantikvarens bevaringsprogram for tekniske og industrielle kulturminner*. Oslo: Riksantikvaren, 2017.
- Ronström, Owe. "Hva verdensarv er - og gjør." I *Når industrisamfunnet blir verdensarv*, redigert av Hans-Jakob Ågotnes. Oslo: Scandinavian Academic Press, 2014.
- Ryvarden, Leif. *Hardangervidda : naturen, opplevelsene, historien*. Oslo: Cappelen Damm, 2011.
- Statistisk sentralbyrå. "Vernede områder." (2017). 01.03.2018. <https://www.ssb.no/arealvern>.
- "Stavkirke.no." Fortidsminneforeningen, 21.02.2018. <http://stavkirke.no/index.php?lang=no>.
- Sælensminde, Ørjan, Lyse Alv Arne, Skogland Nils Tore, og Ødven Helene. "Utbygging av Opo-vassdraget: Unnskyld dem ikke!", *Aftenposten*. 23.05.2018. <https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/j2bQz/Utbygging-av-Opo-vassdraget-Unnskyld-dem-ikke>.
- TICCIH. "The Nizhny Tagil Charter For The Industrial Heritage ", (2003). 26.02.2018. <http://ticcih.org/about/charter/>.
- "Trolltunga." 06.04.2018. [https://www.tripadvisor.com/Attraction\\_Review-g1096319-d3522548-Reviews-Trolltunga-Odda\\_Hardanger\\_Hordaland\\_Western\\_Norway.html#photos;aggregationId=101&albumid=101&filter=7&ff=272781741](https://www.tripadvisor.com/Attraction_Review-g1096319-d3522548-Reviews-Trolltunga-Odda_Hardanger_Hordaland_Western_Norway.html#photos;aggregationId=101&albumid=101&filter=7&ff=272781741)
- UNESCO. "Konvensjon om vern av verdens kultur- og naturarv - verdensarvkonvensjonen." (1972). 22.02.2018. <https://www.regjeringen.no/contentassets/c68c36e9a588492fb52feb7ae12dbe33/verdensarvkonvensjonen.pdf>.
- Urry, John. "The Tourist Gaze and the 'Environment'." *Theory, Culture & Society* 9, no. 3 (1992): 1-26. 23.04.2018. <http://journals.sagepub.com/doi/abs/10.1177/026327692009003001>.

"Welcome to Scotland." 11.04.2018.

[http://www.welcometoscotland.com/search?q=fjord&nm\\_search\\_go.x=0&nm\\_search\\_go.y=0](http://www.welcometoscotland.com/search?q=fjord&nm_search_go.x=0&nm_search_go.y=0).

"The West Norwegian Fjords." (2004). 20.02.2018.

<http://whc.unesco.org/uploads/nominations/1195.pdf>.

Winther Jørgensen, Marianne, og Louise Phillips. *Diskursanalyse som teori og metode*. Frederiksberg: Roskilde Universitetsforl. Samfundslitteratur, 1999.

Xie, Philip Feifan. *Industrial heritage tourism*. Tourism and cultural change. Vol. 43, Bristol: Channel View Publications, 2015.

Öhlander, Magnus, og Oscar Pripp. "Observation." I *Etnologiskt fältarbete*, redigert av Lars Kaijser og Magnus Öhlander, 113-46. Stockholm: Studentlitteratur, 2011.

Ågotnes, Hans-Jakob, red. *Når industrisamfunnet blir verdensarv*. Oslo: Scandinavian Academic Press, 2014.

## **Bilete**

1 Turbinhjul i Tyssedal Foto: Norsk Vassdrags- og industristadmuseum .....	27
2 Velkommen til Odda kommune Foto: Kristian Valen .....	28
3 Industripionerer og arbeidshender Foto: Kristian Valen .....	31
4 Gravhaug Foto: Kristian Valen .....	33
5 Fossegrimen av Nils Bergslien Foto: Wikimedia commons .....	35
6 Utklipp fra Instagrambilete tatt av Trolltunga, 05.04.2018.....	37
7 Turistreklame i Odda sentrum. Foto: Kristian Valen .....	39
8 Trolltunga Juli 2016. Foto: Martin Valen .....	41
9 Trolltungakøen. Foto: Martin Valen .....	46
10 Lilletopp, Foto: Dag Ende Opedal/Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum .....	47
11 Utsikt frå Lilletopp mot Eitrheimsneset Juli 2017, Foto: Kristian Valen .....	48
12 Utbyggingens vekstskål. Foto: Kristian Valen.....	49
13 Sørfjorden friskmeldt Foto: Kristian Valen .....	51
14 Boliden, Januar 2018 Foto: Kristian Valen .....	51

# Vedlegg

## Vedlegg 1 Materiale

### Intervju

Namn	Aktør	Dato	Sted
Knut Markhus og Dag Endre Opedal	Norsk Vassdrags og industristadsmuseum	13.07.2017	Tyssedal
Anne Gravdal	Norsk Vasskraft- og industristadsmuseum	24.01.2018	Tyssedal
Amy Henrickson	Odda kommune og Trolltunga tourism	24.01.2018	Odda
Hans Jørgen Andersen	Reisemål Hardangerfjord	25.01.2018	Norheimsund
«Martin»	Trolltunga active	26.01.2018	Odda

### Brosjyrar

Namn	Utgiver/Produsent	Innhald	Format	Deknings-område
Hardanger ferietips 2017	Reisemål Hardangerfjord	Kart, informasjon og annonser	Brosjyre, utbrettbart A3, 8 sider	Hardanger
Hardangerfjord 2018	Reisemål Hardangerfjord	Informasjon, annonser og kart	Brosjyre, A6, 100 sider	Hardanger
Hardangerfjord hiking highlights	Reisemål Hardangerfjord	Turforslag med kart og informasjon	Brosjyre, A4, 49 sider	Hardanger
Hardanger Fjord Product manual 2018	Reisemål Hardangerfjord	Produktinformasjon om og til aktører i reiselivsmarkedet	Brosjyre, 46 sider, A4	Hardanger
Highlights	Odda kommune	Informasjon om høgdepunkt	Brosjyre, A6, 2 sider	Odda og Tyssedal
Industrihistorisk vandring på smelteverkstom ata	Norsk Vasskraft- og industristadsmuseum (NVIM)	Kart og informasjon	Brosjyre, Utbrettbar A4	Odda

Tyssedal Skjeggedal	NVIM	Tegnet «kart» over Tyssedal og samt NVIM	Brosjyre, A4	Tyssedal
Statkraftstova konferansesenter	NVIM	Informasjon	Brosjyre, Utbrettbar A4	Tyssedal
NVIM Undervisningsopplegg 2016-2017	NVIM	Informasjon	Brosjyre, A5, 12 sider	Odda og Tyssedal
Hardanger fartøyvernssenter	Hardanger og Voss museum	Informasjon	Brosjyre, A6, 4 sider	Norheimsund
Vandre og sykkelguide	Odda kommune og Reisemål Hardangerfjord	Informasjon og kart	Brosjyre, A5, 20 sider	Odda kommune
Explore other Adventures in the Region	Trolltunga Active	Informasjon	Brosjyre, utbrettbar A3	Odda og Tyssedal
Nærturkart	Odda kommune	Informasjon og kart	Brosjyre, A4, 4 sider	Odda kommune

### Utstillinger, infoskilt og andre faste presentasjoner

Namn	Utgivar/Produsent	Stad	Innhald	Dekningsområde
Velkommen til Odda	Odda kommune/ Reisemål Hardangerfjord	Rundt i kring i kommunen	Informasjon og kart	Odda Kommune
Følgefonna nasjonalpark	Følgefonna nasjonalparksenter	Odda Turistinformasjon	Informasjon og kart	Følgefonna nasjonalpark
Bygdeborg	Odda kommune	Apold	Historisk informasjon	Apold
Gravhaug	Odda kommune	Tjørnadalen	Historisk informasjon	Tjørnadals- haugen
Vegen til Trolltunga	NVIM	NVIM	Historisk informasjon	Odda og Hardanger
Tysso I	NVIM	NVIM	Historisk informasjon	Odda og Hardanger
Det store spranget	NVIM	NVIM	Historisk informasjon	Odda og Hardanger
Foss	NVIM	NVIM	Historisk informasjon	Odda og Hardanger
Ei skinande metallisk framtid	NVIM	NVIM	Historisk informasjon	Odda og Hardanger

Fotoknud på Smelteverket	Odda Kommune/NVIM/ Fylkesmannen i Hordaland/Norsk Kulturråd	Odda	Bilete og historisk informasjon	Hardanger
Industrihistorisk vandring på smelteverket	NVIM	Odda	Historisk informasjon	Odda

### Nettsider

Namn	Utgivar/Produsent	Domene
Visitodda.com	Odda kommune/ Reisemål Hardangerfjord	<a href="https://www.hardangerfjord.com/odda/">https://www.hardangerfjord.com/odda/</a>
Hardangerfjord.com	Reisemål Hardangerfjord	<a href="https://www.hardangerfjord.com/">https://www.hardangerfjord.com/</a>
NVIM.no	NVIM	<a href="http://www.nvim.no/">http://www.nvim.no/</a>
Trolltunga-active.no	Trolltunga active	<a href="http://trolltunga-active.com/">http://trolltunga-active.com/</a>
Trolltunga-adventures.com	Trolltunga adventures	<a href="https://www.trolltunga-adventures.com/">https://www.trolltunga-adventures.com/</a>
Visitnorway.no	Innovasjon Norge	<a href="https://www.visitnorway.no/">https://www.visitnorway.no/</a>
Fjordnorway.com	Fjord Norge	<a href="https://www.fjordnorway.com/">https://www.fjordnorway.com/</a>



## Vedlegg 2 Kart over Odda og Tyssedal



## Forespørsel om deltakelse i forskningsprosjektet

### *”Industrien og naturen”*

#### **Bakgrunn og formål**

Dette er eit masterprosjekt som skal undersøke korleis industri og natur formidlast og presenterast i Odda i dag. Fokus vil vere på korleis Natur- og Kulturarv formidlast av dei profesjonelle aktørane i området. Prosjektet vil hovudsaklig basere seg på ulike kilder i Odda og på internett, brosjyrer, museum, plaketter, guida turer og nettsider. I tillegg skal intervjuer brukas til å utfylle dette materialet. Intervjuene vil då handle i hovudsak om korleis tanke som ligg bak formidlinga, kva strategier og fokusområder som dei ulike aktørane har.

#### **Hva innebærer deltakelse i studien?**

Deltakelse i studien innebærer intervju og samtale rundt formidlinga i Odda.

#### **Hva skjer med informasjonen om deg?**

Alle personopplysningar vil bli behandlet konfidensielt. Det er bare student og veileder som vil ha tilgang til eventuelle sensitive personopplysningar. På grunn av at de arbeider med dette vil det kanskje vere mogleg å identifisere dykk, og dersom du tillett det vil eg gjerne bruke fullt namn, eventuelt bare fornamn. Men dersom det er ynskjeleg vil eg anonymisere deg, det vil seie at eg vil bruke eit oppfunne namn, og bare skrive kvar du arbeider. Data vil bli lagret på en måte som sikrer personvernet mest mulig.

Prosjektet skal etter planen avsluttes 01.06.2018. Etter at prosjektet er avsluttes vil identifiserende data slettes.

#### **Frivillig deltakelse**

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekke ditt samtykke uten å oppgi noen grunn. Dersom du trekker deg, vil alle opplysningar om deg bli anonymisert.

Dersom du ønsker å delta eller har spørsmål til studien, ta kontakt med student Kristian Valen [krisvale@student.ikos.no](mailto:krisvale@student.ikos.no) eller veileder Bjørn Sverre Hol Haugen [b.s.haugen@ikos.uio.no](mailto:b.s.haugen@ikos.uio.no)

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, NSD - Norsk senter for forskningsdata AS.

## **Samtykke til deltakelse i studien**

Eg samtykkar til at mitt namn kan publiserast i masteroppgåva.

Eg har mottatt informasjon om studien, og er villig til å delta

---

(Signert av prosjektdeltaker, dato)